

# Bjerkreim IL 50 år







## Føreord:

Bjerkreim idrettslag er eit ungt idrettslag. Det blei stifta i 1965. Men, det har vore drive idrettsaktivitetar i bygda lenge før den tid. Alt på 1930 talet var det lag og aktivitetar både på Vikeså og på Bjerkreim. Fyrst på 1960 talet blei det teke initiativ til å oppretta eit lag for heile kommunen. Det er dette vi feirar 50 årsjubileum for i 2015. I 1985 blei 20 års jubileet markert. Då blei det gitt ut eit historiehefte til alle husstandar i Bjerkreim. No har vi prøvt å samle BIL sin historie i eit hefte. Det fyrste jubileumshefte er innlemma fremst i dette heftet.



I eit slikt historieskriv er det fyrst og fremst dei store linene som blir med. Likevel er det viktig å syne eksempel på resultat som Bjerkreimsbuen har oppnådd innan ymse idrettar. Men, det er det breie aktivitetstilbodet som er viktigast. Dugnadsarbeidet har vore, og er ein sentral resurs for å drive eit lag som BIL. I nært samarbeid med kommunen, næringslivet i bygda og på tvers av frivilljuge lag og foreiningar, er det gjennomført utruleg mykje. Mange grannekommunar kan misunne vårt lag for alle dei arenaer som er bygt på dugnad.

Ikkje alle årsmeldingane som er skrivne opp gjennom åra er like omfattande og detaljert. Faktisk er det årsmeldingar vi berre har funne deler av. No, i vår digitale tidsalder er det nokre av dei siste årsmeldingane som er blitt sletta for medlemmene. Dei gamle gode "lefsene" er framleis viktig å ta vare på. Her har gruppeleiarane skrivne utfylland meldingar om aktivitetar og resultat. Odd Fuglestad illustrerte i fleire år årsmeldingane med morosame teikningar. Svært kjekk lesing. I ei kort historiesamling er det vanskeleg å få med mange detaljar. Så til deg som er interessert, ta kontakt med laget og få låne enkelt årsmeldingar.

Mange eldsjeler har opp gjennom åra bidrege til styreverv, som trenarar, i dugnadskomitear, arrangementskomitear, innsamlingskomitear, representasjon, m.m. Nokre finn vi namna på i årsrapportar og skriv. Mange har vi ikkje namna på. Vi har prøvt å lage ei oversikt over dei som har hatt leiaransvar for hovudstyret og undergruppene. Det har ikkje vore heilt enkelt. Til nokre val har det mangla personar til enkelte verv. Laget har likevel fungert fordi nokon har teke ansvar. Aktiviteten i undergruppene har gått i bølger. Vi ser tydeleg når eldsjeler kjem inn og legg ned eit stort arbeid. Vi ser og når eldsjeler går tomme, men så går det ei tid og nye tek tak. Gjennom åra har det vore utruleg mange som har leia aktivitetane i laget. Her har vi teke med nokre av dei som har vore initiativtakarar, eller har halde på i mange år. Idrettslaget har vore og vil vere heilt avhengig av **alle**, for å gi eit trygt og triveleg fritidstilbod, spesielt til barn og unge. Så ei stor takk til deg som har bidrege til arbeidet i laget, så langt.

*Bjørn Hille*

---

## BIL si historie frå 1965 - 1985

Helsing frå ordføraren

( Til 20 års markeringa)

GRATULERER BJERKREIM IDRETTSLAG - 20 år.

*Det er gledeleg å sjå at Idrettslaget har vorte ein viktig og sjølvsgd del av kvardagen. Både barn, unge og vaksne får omfattande, verdifulle tilbod til byggjande aktivitetar.*

*Idrettslaget har vore i sterk allsidig utvikling, det er nok å nemna idrettsbanen, Stavløpet, Holmenkoll-stafett, fotball m.m.*

*Takk til alle trufaste tillitsmenn og kvinner og leiarar. Lukke til med tida som ligg framfor, måtte den visa ei vidare utvikling av breidde og kvalitet. Eg håpar at det gamle greske ordet "ei sunn sjel i ein sunn kropp" kan vera eit ideal og eit godt motto for laget.*

*Olaf Gjødrem*



# Formannen har ordet - 1985

Bjerkreim Idrettslag jubilerer. Me er 20 år. Likevel må me plasserast mellom dei yngste idrettslaga i Rogaland. Sjølv om laget er ungt, veit me at det har blitt drive organisert idrett i Bjerkreim alt frå byrjinga av 1930 åra. Det var ikkje alltid like lett å vinna forståing for idrettsarbeid den gongen. Folk såg ikkje nytten av det. I dag ser dei fleste det på ein annan måte. Det er sunt å røra på seg. Gjennom idrett får ein utvikla evner og anlegg ein måtte ha, ein lærer å kjenna seg sjølv, sin styrke og svakhet. Dessutan får ein fysisk og psykisk overskot i kvardagen. Eit godt idrettsmiljø er og føre-byggjande ungdomsarbeid.

Saman med sportsleg framgang bør idrettslaget fram-over arbeida for å skapa eit best muleg miljø for barn og vaksne, eit trygt miljø der alle kan ferdast.

Det kjennes godt å vita at 20-åringen er livskraftig som aldri før. Det vert arbeidd godt i gruppene, og medlemstalet er sterkt stigande. Dessutan er folk i bygda positive og støttar opp om det arbeidet idretts-laget driv, ikkje minst dei næringsdrivande.

Så framtida ser lys ut.

Med dette jubileumsheftet vil me prøva å gi eit glimt av kva Bjerkreim Idrettslag har arbeidd med den tida det har vore til. Seinare, kanskje til 25-års jubileet, får me koma tilbake med eit nytt, fyldigare hefte som i større grad tek føre seg sportslege prestasjonar. Me har mange kretsmeistrar i klubben, ja det fins til og med vestlandsmeistrar og noregsmeistrar. Til 25-års jubileet vil me og prøva å få tak i ein del bilete frå dei første 10-15 åra i laget si historie.

Til slutt kan det passa å nemna paragraf 1 i laget sine lover. Der heiter det:

“Lagets formål er ved samarbeide og kameratskap å fremme idrett i sunne former”.

*John Levang*

Formann

## Fotballklubben Bjerk

Det første vi med sikkerhet vet om det “gamle” fotballaget på Bjerkreim er et bilde som er datert 1934 da Fotballaget Bjerk vant 1-0 i en kamp sannsynligvis over Vikeså.

Medlemmene i klubben kom hovedsaklig fra Bjerkreim-gårdene, Odland, Røysland, Gjedrem og Holmen.

Årskontingenten de første årene var kr 0,50. Hvis det ble behov for mer kapital, ble det krevet inn ekstrakontingent.

Det var Einar Bjerkreim som tok initiativ til stiftel-sen av klubben og var formann og den drivende kraft i årene frem til 1939.

I og med at den første kampen gikk allerede i 1933, ble sannsynligvis klubben stiftet i 1931 eller 1932. I 1934 forfattet Einar Bjerkreim og Tolleiv K. Gjedrem en søknad til Bjerkreim kommune med anmodning om



*Bilete viser frå venstre i fyrste rekke: Freddrik Gjedrem (13 år), Einar Bjerkreim og Velle Bjerkreim. I andre rekke frå venstre K.G.M. Bjerkreim, Øyvind Austdal, Tolleiv A. Gjedrem, Anders Odland, Torkel Røysland, Inge Bjerkreim, Gunnar Hårberg, (13 år) og Tolleiv K. Gjedrem. Bilete er teke ved utkanten til Bjerk si fotballbane (Monæ) som låg på Inge Bjerkreims eigedom innanfor Bjerkreim kyrkje.*

øko-nomisk stønad til klubben. Så vidt vi vet ble denne samrøystes avslått.

Det var meget arbeid på banen de første åra. Stein, trær og røtter skulle bort, og så var det til skogs for å finne passende furutrær til å sage målstenger av.

Gamle vannrøyr ble brukt til å feste nettingen i. Nettet ble håndknyttet av madrass-snøre. Når nettet var ferdig knyttet så viste det seg at maskene var for store slik at ballen gikk igjennom. Man skulle spare på tau og arbeid. Utstyret var ikke så imponerende. Draktene omfattet kun bukse. Det ble innkjøpt brukte hvetemelsekker på butikken hos Torfrid, og så ble buksene sydd helt moderne etter datidens mote.

Fotballen og "blørå" var et kapittel for seg. Vi hadde bare en ball om gangen og selve læret ble lappa og sydd i det uendelige. "Blørå" ble lappet til det ble umulig å få på flere lapper. En spesiell ball ble fullstendig nedslitt. Til-slutt ble denne fylt med stein og medlemmene sam-let på "brunæ", og der ble ballen kastet i "ånæ" med sang og annen seremoni.

Fotballstøvler var det smått med, noen brukte bek-sømmer og andre brukte gummisko. Men Einar som var meget interessert i fotball fikk anskaffet fotball-støvler, så vidt vi vet var dette de første støvlene som kom til bygden. Han kjøpte dem hos P.H. Vinning-land og betalte kr 12,- for stasen. Det ble en del kamper gjennom årene de fleste mot Vikeså. Det var også kamper mot Hognestad, Heskestad, Garborg, Brusand, Birkeland og andre. Vi har ikke noen statistikk over disse kamper, men det ble både tap og gevinst.

Så vidt vi forstår var Fotballklubben Bjerk en relativt god klubb på den tid.

Det var omlag 20 ungdommer som trente regelmessig, men en del ville ikke være med på kamper.

Klubben hadde også guttelag.

Miljøet i klubben var meget godt og det var et godt kameratskap blandt medlemmene, noe som skapte god trivsel blandt ungdommene som vokste opp på stedet.

I en kamp hvor Bjerk ledet stort av det høy stemning blandt Bjerkreimpublikummet, og disse heia høgt og tydelig. En av Bjerkreimspillerne likte ikke dette, og han tok seg en tur bort til

tilskuerne og sa ganske bestemt: "De må inkje gaba så høgt, me kan jedna taba ligavel".

En kamp blir spesielt hugsa. Det var mot Klepp som på det tidspunkt var et meget godt lag i Rogaland. Bjerk var invitert til Klepp for å få god kamptrening. Tapet ble 15-0.

I 1939 gikk Bjerkreim sammen med Vikeså Idrettslag, og det utviklet seg et meget fint og godt samarbeid og miljø mellom ungdommene som spilte fotball sammen, og aktiviteten ble utvidet til også å omfatte langrenn og terrengløp med skyting, både før og etter annen verdenskrig.

Einar Bjerkreim husker at det ble holdt årsmøte i Bjerk Fotballklubb på låven hjemme på farsgården, men er ikke sikker på årstallet.

I alle fall kan det slås fast at ungdommen i Bjerkreim har drevet organisert idrettsarbeid fra omlag 1932.

Ålgård, 20. mars 1985

*Tolleiv Bjerkreim*

## Vikeså Idrettslag

1933 er året då fotball-leiken gjorde sitt inntog på Vikesa. Eit eller to år før hadde konsul K.M. Torgrimsen bygt hytte i skogen åt Knut Svela på Svela-odden. Så var det gutane hans Finn (13) og Kurt (16) med nokre kameratar som budde der om sommaren. Dei tilpasste seg raskt miljøet her på ein fin måte og blei kameratar med alle. To ting hadde desse gutane med seg som skulle få mykje å seia for fritidsaktivi-tetane åt både born og ungdom framover: FOTBALL OG BOKSEHANSKAR. Dette var nye og ukjende leikar som kom til å ta heile fritida og endå meir. Sjøl om boksinga dei første to-tre åra til tider opptok oss mykje der nasablod og blå augo blei ein del av livet - blei det meir og meir fotballen som tok den meste tida om sommaren, og etterkvart ski med skyting om vinteren. Fleire og fleire blei aktivt med, og interessen for idrett generelt blei kveikt.

Men vanskane og problema let ikkje vente på seg her heller. Det var enno i "dei harde trettiåra" og lite, lite av pengar. Dertil var foreldre og føresette jamt over ikkje så svært positive til at ein trøyta seg ut om kveldar og helger og dermed blei lite ut-





*Bilete frå 1936.*

*Framme frå venstre: Ein frå Tasta (Tonning Olsen?), Bjarne Berland (Mikalsen), Harald Ivesdal. Bak frå venstre: Sigbjørn Vikeså, Hans Gjedrem, Finn Torgrimsen, Einar Holm, Arne Sveta, Tønnes Vikeså, Villjam Sveta, Kurt Tomrimsen. Biletet er teke på Vikesdalmonæ i 1936.*

kvilde til nyttig arbeid. Berre det å finne, og få lov til å bruke, ei lita slette til fotballbane var og blei problem, og så kom pengesorgene på toppen om det skulle betalast leie dersom ein var så heldige og slapp til på ei lyngslette.

### **Vikeså Fotballklubb**

Sommaren 1934 blei Vikeså fotballklubb stifta. Det finns ikkje noko skriftleg frå den tida, men etter minnet var desse i styret: Karl O. Skjæveland - Einar Holm - Jonas Bjerkreim (i Myra). Første oppgave var å skaffe ein fotballbane. Det lukkast å få leige av Per/Petter Vikeså det som no er utstillingsplassen. Der måtte gjerast mykje før ein kunne sleppe til med ballen, men på dugnad kvar kveld med spade, spett og dynamitt gjekk det unna. Det blei ein, etter kravet då, brukbar grusbane med nokre grastustar imellom.

Jordfaste mineskorer grein og imot ein, men dei var no avmerkte. Her kom ball-leiken til å gå med Liv og lyst, og mange harde dystar blei utkjempa. Mykje sveitte ligg att i undergrunnen der.

Noko seinare leigde ein fotballbane på Vikesdalmonæ (der militærgarasjane er). Ein måtte ha bane med tilnærma internasjonale mål. Også her var det først eit omfattande nybrottsarbeid med spade, spett og dyna-mitt som enda opp i same banedekke: Grov grus og stein. Begge stader vart det avvikla ein god del vennskaps-kampar mot fleire lag, og interesse og oppslutning var stigande. Det vart og med ungdomar frå Eikelands-krinsen.

I høve til det store arbeidet som blei lagt ned på desse to banane, var det kort tid dei var i bruk. For alt i 1938/39 leigde ein bane på Neset åt Eivind Sveta (dyrka eng). Dette var eit veldig framsteg, men så kom krigen.

Alle desse tre banane betalte ein sjølsagt leige for utan eit øre i tippe- eller kulturmidlar eller gavar. Til Vikesdalmonæ og Neset på Sveta var det etter måten lang veg for dei fleste, men med to og tre på kvar sykkel kom dei fleste fram før det var slutt.



*Bilete frå 1946.*

*Framme frå venstre: Markvard Bjerkreim, Normann Svela, Olav Birkeland. Bak frå venstre: Alf Gjedrem, Bjørn Johannesen, Jonas Knutsen Vikeså, Ola K. Skjæveland, Tønnes Vikeså, Alf S. Vikeså, Alf Vikeså og Odd Todnem. Biletet er teke på Svelamyra 1946.*

Den 12.2. 1939 blei VIKESÅ FOTBALLKLUBB omgjord til VIKESÅ IDRETTLAG. Til styret blei valde: Eivind Svela - Jonas Skjæveland - Per Vikesdal - Agerton Asheim - Alf Vikeså.  
Varamenn: Arne O. Ivesdal og Sven G. Skjæveland.

Styret valde Alf Vikeså til formann med Jonas Skjæveland til varaformann og kasserar.

Fotballkampar 1939:

Heskestad - Vikeså	2-8
Ålgård - Vikeså	1-4
Sokndal - Vikeså	1-2
Hognestad - Vikeså	2-1
Idland - Vikeså	2-6
Hognestad - Vikeså	1-2
Malmin - Vikeså	2-2

Vinteren 39/40 var det livleg på skifronten. Det vart haldne mange skirenn med og utan skyting. Det var og mange som var med.

Så kom krigen til Norge 9.4.40 og gjorde så mangt annleis, også på idrettsfronten. All den friske satsinga laget hadde lagt opp til med kampprogram i fotball og ski gjekk i stå av seg sjøl, og slik skulle det bli i fem lange og mørke år.

Alt 20. juli 1945, såvidt fredsrusen var over, var fotball-laget i aktivitet att med første kampen. Det var Orre som var på gjesting. Vikeså vann 3-2, og

det gav ein veldig kveik, for Orre var eit godt lag, mykje betre enn vårt.

Seierslaget var (frå mål til ytre venstre): Normann Svela, Markvard Bjerkreim, Håvard Vedelden, Ola K. Skjæveland, Tolleiv Bjerkreim, Tønnes Vikeså, Alf S. Vikeså, Bjørn Johannesen, Jonas Knutsen Vikeså, Ingvar Mellomstrand, Arnold Svela.

Fleire kampar blei det utover sommaren, og kampviljen var som aldri før. Det var som ein på den måten fekk springe åket frå trengselsåra av seg.

I tida 6.-14. oktober 1945 blei "FREDSMARSJEN" avvikla over heile Norge. Det skulle vera ei markering av gleda over freden og ein attvunnen dyrebar frihet. Menn skulle gå 10 km og kvinner halvparten (rett nok). Det var ikkje om å gjera å gå fortast, men at flest mogeleg fullførde. I Bjerkreim blei marsjen avvikla i kvar skulekrins, og i alt ca. 750 stk. fullførde. Ved årsskiftet 45/46 blei idrettslaget innmeldt i Rogaland fotball-, ski- og idrettskrets, og laget fekk lover med i alt 10 paragrafar. No blei ein altså med i krets fotballserien, og då måtte ein og ha skikkeleg bane å spenne heimekampar på. Anders Svela stilte 5 mål dyrka eng på Myra til disposisjon for kr 800,- pr. år, og no blei det som før hadde vore fotball-leik til bortimot livsens alvor.

Laget kom i 4. divisjon saman med Orre-Varhaug-Vigrestad- Brusand-Sokndal-Moi-Hellvik. Det blei såleis 16 kampar fast i tillegg til privat-kampar (som det blei ein del av). Dette var og første året alle hadde fotballstøvlar. Fotballen kom til å ta så mykje tid no at foreldre og føresette tok til å knurra og det blei sagt lite fint om ballen, men det meir om kva han øydelagde. Etterkvart det spurdest at laget beit godt frå seg og “tok poeng” merkttest det straks at klimaet blei mildare og “kampperm” lettare å få.

I årsoversikten for 1946 går det fram at laget “la inn” 50 mål og Normann slepte inn 45.

1946 var nok den beste fotballeseongen Vikeså idretts-lag hadde. Alle som var knytta til laget, både aktive og passive, synte interesse og vilje til å ta eit tak. Også dei som hadde sett idrett og fotball som ein nærast “styggdom” mildna, for der skjeddde noko der idretts-laget for fram.


Også 1947 var ein god sesong med stort kampprogram, og med poeng i serien låg ein begge sesongane kring midten. Det som var og blei bøygen var at ein hadde så få å velje i. Ein hadde lite råd til å ha nokon på “skadebenken”. Til tider hadde ein så kranke folk på banen at dei gjorde grimaser berre ballen nærma seg. I dei første etterkrigsåra var der ei viss “flukt frå landsbygda” og den flukta merkttest og i Bjerkreim. Idrettslaget blei dermed tappa for både aktiv og passiv ungdom. Såleis blei 1948 siste året i fotball-serien.

Det blei framleis utover i 1950-åra “leika” fotball, men meir i det små og stille.

Nokre fotballspelarar reiste frå bygda. Alf K. Svella flytte til Sandnes. Han spela seg inn på Ulf sitt A-lag. Ola K. Skjæveland og Alf Kn. Vikeså melde seg inn i Ålgård Fotballklubb. Begge spende A-kampar der.

I tillegg til å drive aktiv idrett hadde dei leiande i laget også tanke for andre fritidssyslar. Alt i 1934 bygde Vikeså fotballklubb danseplan på Edlaubakken (nedfor huset åt Ramsli). Dette blei samlingsplass for ungdomen frå heile bygda. Spelemann (trekkspel) var stundeviss Petter Vikeså og Gunnar Holm. Planen var i bruk til ungdomshuset blei bygd i 1939.

I same møte som namnet Vikeså idrettslag blei tatt i bruk (12/2—39) blei det vedtatt å bygge eit ungdomshus. Straks etter møtet blei det tinga med Knut Vikeså om leige av tomt i Storsheibakken der huset åt Reistad står no. Og alt 17. mai blei



huset tatt i bruk med fest om kvelden. Då var det berre straum og andre mindre ting som mangla. Heller ikkje til dette blei det mottatt offentlege midlar.

Huset, som brann ned i desember 1948, var jamngamalt og hadde same storleik og standard som bedehuset på Vi keså.

Ved sida av at planen, og seinare huset, var ein samlingsplass for ungdomen med den store verdi det hadde, blei det eit godt økonomisk ryggstø for verksemda åt laget med overskot frå festar og andre tilstellingar. Det blei og av og til vist film, og kven gløymer vel “Gjest Bårdsen” første gong?

Under årsmøtet 6.5.58 der 12 stk. møtte blei det ved-tatt å overføre lagets medel som var:

Kassebeholdning	kr 2.100,-
Tilgode assurance ungdomshuset	kr <u>10.000,-</u>
	kr <u>12. 100</u>

til Bjerkreim skyttarlag sitt hus mot at Idrettslaget eig 1/3 i huset, men berre dersom laget tek opp att og driv aktiv idrett. Det blei det altså ikkje noko av.

Når det skal setjast i gang eit eller anna fritidstiltak som er avhengig av frivillig innsats for å kunna fungera, må det oftast til ein eller i beste fall fleire som er ein del meir ihuga enn dei andre. Her bør nemnast to slike;

Einar Bjerlreim var den det heile sentra seg om i Bjerk frå starten og til det blei slutt då krigen kom.

Alf Vikeså var det faste punkt i Vikeså idretts-lag. Han var formann det meste av tida, og var han innimellom ikkje vald formann, så stod han nok bak det meste likevel.

Det er det særeigne med slike typar: Dei dreg oftast lasset aleine, eller enno tyngre: Set andre til



å dra. Og når vanskane tårnar seg opp som uovervinnelege, kunne det sjå ut til at inspirasjonen aukar minst tilsvarande.

## Skiaktivitetar.

Vikeså idrettslag hadde og skiaktivitetar på programmet.

Den 28. januar 1940 var såleis Jonas Kl. Vikeså, Sigurd Svella og Alf Vikeså avgarde på patroljeskirenn med skyting i Melshei ved Sandnes.



Det var ein lekk i forsvarsførebuinga. Deltakarane frå Vikeså greidde 2. plass og fekk gavepremie frå A/S Kullimport. Same dagen deltok tre andre frå idrettslaget vårt i skirenn på Figgjo, utanfor konkurranse. Normann fekk tredje beste tid, og Terje Vikeså vann sin klasse.

Forsvaret oppmoda folk til fysisk trening, og vi var med på fleire skirenn etterjuls vinteren 1939/40.

Så vart offisielt idrettsarbeid forbode av okkupasjons-maktene.

## **Bjerkreim Idrettslags historie 1965 -75**

Den 4. mai 1965 ble det etter initiativ fra Bjerkreim kommunale ungdoms- og idrettsutvalg stiftet et idrettslag for Bjerkreim kommune. Laget fikk navnet Bjerkreim Idrettslag og den første formannen var Alf Vikeså med Fredrik Gjedrem som nestformann og Marton Vikeså som kasserer. Ellers var Harald Birkeland og Kåre Vikeså med i

styret. Lagets første oppgaver var å få igang et gymnastikkparti samt å arrangera noen terrengløp. På årsmøtet i 1967 ble Knut Eimhjellen valgt til ny formann med Harald Birkeland som nestformann. Med i styret var også kasserer Marton Vikeså samt styremedlemmene Olav Ivesdal, Reidar Fotland og Ola Vikeså. Den 12.6.1968 ble laget innmeldt i Norges Idrettsforbund, men ble ikke tilmeldt noe særforbund. Det ble i denne perioden arrangert noen enkle stevner, skirenn, pokalkamp i terrengløp mot Gjesdal og noen privatkamper i forball.



I juli 1968 reiste Knut Eimhjellen fra bygda og Harald Birkeland fungerte som formann til han i september innkalte til et ekstraordinært årsmøte. På dette ekstraordinære årsmøtet ble John Syrtveit valgt som formann i et foreløpig styre som ellers bestod av Håkon Surdal som nestformann, Gunnar Gjedrem som sekretær, Marton Vikeså som kasserer og Harald Birkeland som styremedlem. Det ble på samme møte vedtatt å melde idrettslaget inn i Norges Skiforbund og Norges Friidrettsforbund. Før laget var tilmeldt friidrettsforbund og krets, ble Hallvard Veen påmeldt på 1500m i kretsmester-skapet i friidrett for gutter i Eigersund høsten 1968 der han ble nr. 3. Dette var Bjerkreim Idrettslags første kretsmesterskapsmedalje, men det skulle bli flere. På det ordinære årsmøtet i 1968 ble det valgt hovedstyre og gruppestyrer for ski og friidrett. John Syrtveit fortsatte som formann, med Gunnar Gjedrem som nestformann, Håkon Surdal som sekretær, Marton Vikeså som kasserer og Oddm. Asbjørnsen som styre-medlem. John Syrtveit ble formann i skigruppa og Håkon Surdal formann i friidrettsgruppa. På årsmøtet ble det også livlig diskutert om laget skulle tilmeldes Norges Fotballforbund. Det ble vedtatt mot 2 stemmer at

laget foreløpig ikke skulle innmeldes i krets og forbund på grunn av mangel på bane og den generelle økonomiske situasjonen i laget. Men det ble valgt et arbeidsutvalg i fotballgruppa med Sigmund Fotland som formann som skulle undersøke priser på baneleie og utgifter ellers ved å ha et fotballag med i serien. ut-valget skulle også arbeide for å få til fotball-bane i Bjerkreim.

Året 1969 ble det første virkelige "idrettsåret" i lagets historie. Laget var nå tilmeldt ski- og friidrettskretsen, og fikk dermed tildelt stevner på terminlisten; Ilddåpen som stevnearrangør var et kretslangrenn på Foss i januar 1969. Snøen minket etter hvert som datoen nærmet seg, og til slutt var det noe sørpe igjen på "kjelva". Vi fikk hard kritikk fra "storklubbene" som om vi kunne bestemme over været- Men etter hvert fikk vi godt tak på det med å arrangere skirenn, og vi fikk mange lovord for gode arrangement spesielt i området rundt Vikeså skole.

Høsten 1968 ble også benyttet til å rydde løype rundt Bersevannet; I mai 1969 gikk det første "Bersevannet rundt" med Kolbjørn Kyllingstad og Torleiv Molaug som vinnere, de gikk likt over mål. I gutteklassen kjempet Ola Vikeså jevnt med Helge Knutsen selv om han ble slått på de siste metrene. Når en ser hvor langt Helge Knutsen har nådd, så skulle du kanskje blitt friidrettsmann du også. Ola? Flere talenter dukket opp etter hvert. Allerede i 1969 ble Gro Anni Gjedrem kretsmester for kvinner på 400m. Men det var også andre som gjorde seg bemerket, både indivi-duelle løpere og stafettlag.

På årsmøtet 1969 ble det stort sett gjenvalg over hele linjen. Det ble diskutert om laget skulle opp-rette svømmegruppe. Dette ble gjort med Alf Vikeså som formann, men laget ble ikke tilmeldt Norges Svømmeforbund.

Året 1970 fortsatte omtrent i samme spor. Laget fikk utarbeidet et emblem for laget som ble godkjent og innkjøpt som tøymerke. Senere har dette emblemet blitt lagets merke både på brevpapir, konvolutter o.l. Den store saken var likevel arbeidet med å få en tilfredsstillende bane for fotball. Rogaland Fylkes ungdoms- og idrettsnemnd samt Rogaland Idrettskrets baneutvalg var engasjert i saken. Det var nå kommet konkrete planer om å utvide banen ved Bjerkreim skole slik at det kunne spilles seriekamper der. Mange advarte mot en større utvidelse her f.eks. ut-fylling, utgravning samt isåing av grassdekke. Advarslene gikk på at dersom det ble ofret for mye

penger på banen på Bjerkreim, ville dette utsette planene om et sentralidrettsanlegg på Vikeså.

På den idrettslige fronten fortsatte 1970 med framgang på alle felter. Det var stabile vinterforhold med godt skiføre nesten hele vinteren. I friidretten fikk vi en ny mann som fungerte høyt opp på resultat-listene og som etter hvert ville komme til å bety mye for idretts- og kulturlivet i bygda i årene fram-over, nemlig Bjørn Hille. Han sprang fort på korte løp selv om strikken i buksa røk.



På årsmøtet 1970 ble det mye gjenvalg, men det kom nye folk inn på forskjellige steder, Arne Geir Abeland som kasserer i hovedstyret og Oddmund Asbjørn-sen som formann i skigruppa Klaus Vikeså ble for-mann både i fotballgruppa og svømmegruppa. John Syrtveit forsøkte forsiktig å trekke seg ut av styret, men han klarte det ikke helt og fortsatte litt motvillig som formann i hovedstyret mens han fikk av-løsning i skigruppa. Men våren 1971 reiste han fra bygda og dermed kan en trygt si at en periode i lagets historie var over.

Men livet gikk videre selv uten John Syrtveit i styret. Gunnar Gjedrem rykket opp som formann og satt i stil-lingen fram til årsmøtet.

I denne perioden ble det for alvor fart i planene med fotballbane på Bjerkreim. Det ble fortsatt mye diskusjon om utvidelsen og banedekket, og til sist ble det bestemt at det bare skulle gjøres det aller nødvendige. Det ble foretatt utfylling i elva, skråningen ble rensket og det ble grusdekke. Mange ting kan sikkert sies om denne utvidelsen, nå når vi har fått den på god av-stand. To ting er helt sikkert: Det gikk likevel uhyggelig lang tid før banen på

Vikeså ble en realitet selv om det ikke ble foretatt et omfattende arbeid på banen på Bjerkreim. Samtidig er banen på Bjerkreim med sitt dekke blitt uunnværlig trenings- og avlastningsbane på grunn av dekke, størrelse og belysning.


På årsmøtet 1971 ble Oddmund Asbjørnsen valgt til ny formann med Gaute Skretting som nestformann. Nye i styret ellers Klaus Vikeså og Thea Vikeså, mens Gaute Skretting overtok som formann i friidrettsgruppa. Det ble også vedtatt på årsmøtet at laget skulle tilmeldes Norges Fotballforbund og dette ble gjort i januar 1972 og fra 1972 deltok Bjerkreim Idrettslag med seniorlag i 6. divisjon. Senere kom det også lag i de aldersbestemte klasser. Året 1972 gav jevn framgang og gode resultater på mange områder.

På årsmøtet 1972 ble det mye gjenvalg, men ny sekretær ble Gro Skjæveland og nytt styremedlem Osvold Sundvor. Bjørn Hille ble valgt til formann i friidrettsgruppa. Herleik Lindteigen var kommet tilbake etter 2 år på Norges Idrettshøyskole med volleyball som spesialfelt. Det ble enstemmig vedtatt å opprette volleyballgruppe og Lindteigen ble selvskreven som formann og trener. Laget ble tilmeldt Norges Volleyballforbund i februar 1973 og spilte i 4. divisjon i sesongen 1973/74. Årsmøtet var ellers opptatt av å få opprettet en kommunal stilling som idrettskonsulent - ungdomsleder, helst i kommunal stilling som idrettskonsulent - ungdomsleder, helst i hel stilling eventuelt i kombinasjon med en lærerstilling.

Året 1973 fortsatte i samme spor. Den som virkelig gjorde stor framgang dette året var Ragnar Bjerkreim som med systematisk trening havnet helt i toppen i sin klasse i løp opp til 400m, et godt eksempel på hva vilje og fast opplegg kan utrette. På årsmøtet 1973 ble det innvalgt en del nye folk. Oddmund Asbjørnsen fortsatte som formann, men Arne Geir Abeland ble nestformann, Ida Karin Svela ble sekretær og Synnøve Fuglestad kasserer.

Formannen i volleyballgruppa fortsatte, men ellers ble det nye formenn i de andre gruppene. Arnulf Fuglestad ble formann i skigruppa, Gaute Skretting formann i fri-idrettsgruppa og Eivind Helland formann i fotball-gruppa. På årsmøtet deltok også Mikal Tengesdal og snakket om orienteringssporten. Det ble vedtatt å opprette ei orienteringsgruppe samt å melde laget i Norges Orienteringsforbund. Styret fikk fullmakt til å velge gruppestyre, og senere ble Karl Brådli valgt som formann.

I 1974 var det flere saker som opptok laget. Bl.a. ble det ordnet med flomlysanlegg ved Bjerkreim skole som idrettslaget forskuddterte, og lagets medlemmer satte anlegget opp på dugnad. Ellers var styret opptatt av et utkast til generalplan for Vikesåområdet som gikk ut på boligbebyggelse i Vikeså-åsen og Fore-knuten. Idrettslaget protesterte mot disse planene og mente at disse områdene burde



tjene som rekreasjons-sport- og friluftsområder for hele bygda.

På årsmøtet 1974 kom det inn en del nye folk. Torbjørn Sanna overtok som formann, og Oddmund Asbjørnsen trappet ned ett trinn til nestformann. Arne Geir Abeland ble formann i volleyballgruppa, Håkon Surdal formann i friidrettsgruppa og Lars Bjørkland ble formann i fotballgruppa.

Med året 1974 gikk den første 10-års perioden i laget historie ut. Det ble planlagt en jubileumsfest for å markere de første 10 årene, komite ble oppnevnt og program ble diskutert. Men av en eller annen grunn ble det ikke noe av festen.

Jeg har fulgt med idrettslaget det meste av disse 10 årene. Det var mange oppgaver å ta fatt på og mange idretter å velge mellom. Jeg tror vi gjorde rett i å forsøke med få idretter fra starten av, og så heller utvide tilbudet etter hvert som behovet meldte seg og vi fikk folk til å ta seg av de "nye" idrettsgrenene. Avstander har vært, og fortsatt er, det største problemet. Både avstander innen kommunen og avstander til idrettsanlegg og andre idrettsarrangementer. Lederspørsmålet og arbeidet med å besette de forskjellige verv har av og til vært tyngende. Men for det meste har det gått greit å skaffe folk både til de forskjellige verv og når det er





*Skirenn i lysløypa på Nedrebø*

bestemte arbeider som skal utføres.

Jeg har i denne gjennomgangen lagt mest vekt på hovedtrekkene, hvem som ledet arbeidet, hva som opptok laget og hvor som konkret ble gjort. Jeg har i liten grad befattet meg med prestasjoner og resultater, men bare nevnt spesielle ting som jeg mener har betydning for lagets historie. Mer utfyllende resultater bør da komme fra de respektive gruppene.

Hjertelig til lykke med jubileet.

*Håkon Surdal*

## **Bjerkreim Idrettslag si historie 1976-84**

Året 1975 var Torbjørn Sanna formann i laget. Med seg hadde han Oddmund Asbjørnsen, nestformann, Arne Geir Abeland, formann i volleyballgruppa, Håkon Surdal, formann i friidrettsgruppa, Lars Bjørkland, formann i fotballgruppa, Arnulf Fuglestad, formann i skigruppa og Karl Bråдли, formann i o-gruppa. Elles mangler ein årsmelding

frå dette året så det er vanskeleg å finne ut kva det vart arbeidd med.

Sanna heldt fram som formann i 1976. Det var få utskiftingar i styret dette året. Me merkar oss like-vel at Tore Malmei tok over som formann i volleyballgruppa.

Styret arbeidde med å planleggja idrettsanlegget saman med ein idrettskonsulent. I det høvet hadde styret og eit møte med formannskapet. Den tradisjonelle trim-turen gjekk dette året frå Austdalen om Brattebø og Bjordal og så ned til Ørsdalen. Den største idrettslege prestasjonen dette året stod truleg volleyball-jentene for. Dei vann serien uten å gi frå seg eit einaste sett. A-laget i fotball var berre eitt poeng frå å rykkja opp i 5. divisjon.

1977 var eit år rikt på hendingar. Oddmund Asbjørnsen overtok som formann att. Nye gruppeformenn vart Odd Vegard Nedrebø, friidrett, Egil Svela, fotball og Kåre Gåsland, orientering. Vegen til Ørsdalen kom, og han opna for nytt skiterreng. Difor vart det kalle inn til ekstraordinært årsmøte. Medlemmene skulle ta stilling til om Bjerkreim Idretts-lag skulle søkja om konsesjon for utbyggjing og drift av skitrekk og idrettshytte. Det vart vedteke, mot ei stemme, at laget skulle søkja om

konsesjon, men planene stranda til slutt på at grunneigarane ville gå i gang med eit alpinsenter sjølv. Det var kanskje det beste for alle parter. Ein ting er temmeleg sikkert:

Idrettslaget kunne neppe satsa så friskt som eigarane av Stavtjønn Alpinsenter har gjort.

Elles vart det endeleg avklara kvar idrettsanlegget skulle liggja. Kommunen kjøpte eit større område av myra til Kåre Vikeså til føremålet. Ein komite frå idrettslaget, Bjørn Hille, Odd Vegard Nedrebø, Håkon Surdal og Oddmund Asbjørnsen, skulle samarbeide med kommunen om anlegget.

Dette året begynte ein og å arbeide med å få til ei lysløype i Fåreknuden. Som alle veit er det til dags dato ikkje blitt noko av den løypa. Grunnen skal ein koma tilbake til seinare.

Oddmund Asbjørnsen held fram som formann i 1978. Elles er det dei same gruppeformennene som året før. Ny av året er imidlertid håndballgruppa. Siri Meling er formann, og gruppe stiller med jentelag i kretsserien.

Arbeidet med idrettsanlegget går sin gang. Planene er ferdig utarbeidde og inne til godkjenning hos STUI.

Ein dugnadsgjeng frå Bjerkreim IL reiste til Drangsdalen for å demontera ei teleforilinje. Stolpane skulle brukast i lysløypa i Fåreknuden og på Nedrebø.

Arbeidet med lysløypa i Fåreknuden kunne ein ikkje begynne med sidan tilhøvet til ein av grunneigarane ikkje var heilt klart.

Lysløype blei det likevel, men på Nedrebø.

Bjerkreim IL, Figgjo IL, Sandnes IL og Turrennklubben i Rogaland gjekk saman i dugnadsinnsats om ei lysløype til ski-bruk på garden til Odd Vegard Nedrebø. Eigaren av løypa var Turrennklubben. Løypa er 2,2km. Stolpane frå Drangsdalen kom likevel til nytte, men mange ligg att ved saga til Kåre Vikeså.

Dette året vart og "bua" på Sem Grøtteland sin eigedom på Stavtjønn sett opp. "Bua" skulle brukast til funksjo-nærane når me arrangerte skirenn. "Bua" har vore god i mange høve, men dersom ho ikkje vert betre vedlike-halden enn det ho har vore til nå,



må ho snart reknast for ein ruin. Av idrettslege aktiviteter merker ein seg at laget er påmeldt til Holmenkollstafetten for første gong. Av 233 startande lag i vår klasse vart laget vårt nr. 107. Det skulle verta betre plasseringar seinare. Dette året aner ein og starten på det som skulle bli samfunnshuset.

Idrettslaget saman med Bygdeungdomslaget og Skyttar-laget har møter med kommunen i den anledning.

I 1979 starter endeleg arbeidet på idrettsanlegget. Den nye formannen, Karl Brådli, får nok å hengja fingrene i. Mykje dugnadsarbeid skal planleggjast og gjennomførast. 20000m<sup>3</sup> mold skal køyrast vekk og skiftast ut med anna masse. Dette arbeidet vert organisert av idrettslaget. Det var lita utskifting i styret dette året. Den einaste nye er Kjetil Gjedrem i volley-ballgruppa som tok over etter Tore Malmei. Elles minkar aktiviteten i handballgruppa og i slutten av året blir ho utmeld frå kretsen. Det er slutt på den tide ein spelar handball ute. Håndball har blitt ein inneidrett, og som me veit er det eit stykke til næraste idrettshall.

Arbeidet på lysløypa i Fåreknuden er ennå ikkje komen i gang. Grunneigarane held på med ein skogsveg, og ein vil sjå om deler av denne vegen kan nyttast som lysløypetrasé.

Samfunnshuskomiteen er i gang med å planleggja garde-robeanlegg for idrettsbanen og samfunnshuset. Komiteen er Karl Brådli, Klaus Vikeså. Magne Vaule, Harald Idland og Paul Vaule.

På idrettsfronten legg ein merke til at o-gruppa får sin første kretsmeister, Synnøve Fuglestad. Skigruppa har deltakarar i Birkebeinerrennet i Amerika. Det var Oddmund Asbjørnsen, Kåre Gåsland og Odd Vegard Nedrebø som tok turen. Desse har seinare år farta over størstedelen av Europa på turrenn.

Stavløpet begynner å sjå dagens lys. Saman med Figgjo IL er skigruppa i BIL i gang med å planleggja eit turrenn med start og mål på Stavtjønn.



Klubb i grisgrendt miljø.



Mange forslag til løypetraser er oppe til vurdering, før ein bestemmer seg for den traseen ein har i dag. Ein var mellom anna inne på tanken å leggja løypa om Jensastølen og Hovlandstølen. Da ville løypa blitt lang - og fjarleg. Bersevatnet rundt, eit terrengløp, blir arrangert på ny. Siste gongen var i 1973. Seinare har dette vore eit årleg arrangement. Fotballgruppa blir større for kvart år og stadig fleire lag blir med i serien. At målsetjinga er den rette, skulle dette utsagnet frå årsmøtet -79 vera eit bevis på: Når banen blir isådd og ferdig, reknar me med å rykkja opp ein divisjon for kvar sesong. Til slutt kan ein nemna at medlemstalet auka med ca. 100 dette året.

Karl Brådli held fram som formann i 1980 og. I fotball-gruppa overtek Arnt Trygve Slettebø som formann, i volleyballgruppa Svein Birkeland. Arbeidet på idrettsanlegget går ikkje som ein skulle vente. Forsinkelser frå kommunen si side gjer at ein ikkje kan starte på dugnadsarbeidet så tidleg ein hadde tenkt.

Arbeidet på lysløypa i Fåreknuden er lagt på "is" på grunn av dugnaden på idrettsanlegget.

Av idrettslege aktiviteter merker ein seg at Stavløpet vart arrangert for første gong.

Medlemstalet auka til 250 i løpet av året. Ein kan trygt seia at idrettslaget er i positiv utvikling på alle område.

Verd å nemna er og at det blir blåse liv i støttelaget dette året. Det greidde å samla inn 18.000 kroner på basar og kakeutlodningar.

I 1981 vart Karl Brådli attveld som formann for tredje året på rad. Dette året er det skifte i o-gruppa og volleyballgruppa. Kåre Espedal blir formann i o-

gruppe medan Alf Magne Slettebø overtek volleyballgruppa.

Endeleg ser ein slutten på arbeidet med idrettsbanen. Idrettslaget har bidratt med desse dugnadstimane: 410 traktortimar, 44 lastebiltimar, 4 brøyttingar, 7 hjulshoveltimar og 277 vanlege arbeidstimar. Denne dugnaden er rekna å vera verd 94.000 kroner.

Dugnadsarbeidet begynte 5. mai. 8. august vart banen isådd. Folk var svært villige til å delta i dugnads-arbeidet kunne dugnadsorganisorane Kåre Espedal, Oddmund Asbjørnsen og Synnøve Fuglestad fortelja.

A-laget i fotball kom på 2. plass i serien og lukkast dermed å rykke opp i 5. divisjon. Det høvde godt at banen var klar.


Elles må ein nemna Sven Serigstad. Han overtok som trener i friidrettsgruppa dette året, og han har vore fast kvart år like til nå i 1985. Dei siste åra har han og vore medlem i laget. Han har tilført friidrettsmiljøet mykje positivt og ma ta størsteparten av æra for den store fremgangen som har vore i løpsøvelser.

Til slutt må ein nemna det nye o-kartet over Vikeså som O-gruppa har utarbeidd.

I 1982 var det formannskifte. Odd Vegard overtok formannsvervet i laget samstundes som han var formann i friidrettsgruppa.

Arnulf Fuglestad slutte som formann i skigruppa etter å ha vore leier for gruppe i 8 år. Ny formann vart Leif O. Svela. Gaute Skretting overtok som formann i fotballgruppa.

Framleis er det dugnad på banen. Nå er det røyrgjerdet rundt løpebanen som skal gjerast ferdig. Det vert og arbeidd mykje med å få til eit reidskapshus til banen. Idrettslaget ville då nytte høvet til å byggja klubbhus i same slengen. Ferdige planer vart utarbeidde, men det heile stranda på kommunen som ikkje ville prioritera kostnad til reidskapshus det året. Dei ville heller satse på midler til samfunns-huset. Reidskapshuset fekk koma siden. Seinare veit me at det omsider vart bygd ein garasje



Greie Bjarkreibeuen te ledja om stilen?



til føremålet. Han vart ferdig seinhaustes 1984, bygd av medlemmer av idrettslaget på dugnad.

Anna dugnadsarbeid som må nemnast er utvaskinga av den nye sjukeheimen. Her stilte 40 kvinner opp ein dag, og arbeidet gjekk unna. 8000 kroner fekk me for jobben.

0-gruppe har ferdig nok eit kart, Resafjellet. Dette er det andre kartet O-gruppe gir ut. Det er ikkje få arbeidstimar som ligg bak før eit kart er klart til trykk ing.

A-laget held plassen i 5. divisjon. Som ein kuriositet kan nemnast at Olaf Asbjørnsen scora det første målet på den nye grasbanen. Det skjedde i ein lilleputtkamp mot Helleland, som Helleland vann 2-1.

Til slutt må ein ta med at Synnøve Fuglestad takke av som kasserar etter å ha passe laget sin økonomi i 9 år:

Men ho held fram som formann i 0-gruppe. Det har ho halde fram med like til i dag.

Volleyballgruppa er inne i ein vanskeleg periode. Lite folk trenar og gruppe har ingen lag i kretsserien. Ein lukkast heller ikkje i å blåse liv i gruppa, så det vart vedteke å leggja gruppa ned og melde ho ut av kretsen. Det er rart å tenkja på at akkurat denne gruppa stod for nokre av dei største idrettslege prestasjonane i laget midt på 70-talet og nokre år utetter. Slik er det ofte. Interesse for ulike idrettar går i bølgedalar, og står og fell ofte med eldsjeler.

I 1983 tek Tor Sverre Fuglestad over formannsklubba i laget. Arne Geir Abeland overtek som formann i fri-idrettsgruppa, og me har tidlegare nemnt at Synnøve Fuglestad avløyser Kåre Espedal som formann i o-gruppa.

Nå er planlegginga av samfunnshuset nærast ferdig. Styret støtte laget sine medlemmer i byggjekomiteen

i at huset burde byggjast noko større enn ein tenkte på førehand. Dette synet vinn fram i byggjekomiteen, men fører samstundes til auka kostnad. Til gjengjeld får ein eit gildare hus. BIL gjer ein god handel dette året. Klubben, gjennom skigruppa, får overta lysløypa til Turrennklubben på Nedrebø. Ei liknende ny løype er kostnadsrekna til ca. 200.000 kroner komplett med lysarmatur, stolpar o.l.


Vilkåra for overtaking var at me skulle betale restgjelde på løypa, 3.000 kroner, og at medlemmene i Turrennklubben skulle ha gratis adgang til løypa i 7 år. Skigruppa var og forplikte til å køyra opp spor når ver- og føretilhøva tilsa det.

For å greie pliktene å køyra opp spor, måtte skigruppa kjøpe snøscooter. Ein brukt scooter vart kjøpt inn frå Sirdalen. Løypa er i dag open for alle medlemmene i laget.

Dette året melde Knut Skjæveland overgang til EIK. Det var ikkje første gongen ein spelar frå bygda hadde ambisjoner om å spela i høgare divisjonar i andre klubber, men det var første gongen Bjerkreim IL fekk penger i samband med overgangen. Artig er det dessuten å vite at Knut spelar i 1. divisjon i dag, men for Viking.

I 1984 overtok John Levang som formann. Han hadde med seg desse gruppeformennene: Ski, Oddmund Asbjørnsen, 0-sport Synnøve Fuglestad, fotball, Sjur Larsen og friidrett Arne Geir Abeland. Nå er samfunnshuset under arbeid. 12. desembér 1983 starta utgravinga. All graving og utkøyring er gjort på dugnad, ein innsats verdsatt til 85.000 kroner. Dette arbeidet var ferdig 1. april. Om sommaren er forskalingsarbeidet i full gang. Dekket over kjellar-murana skal støypast før sommarferien. Tidsrama held. Då var Odd Vegard ferdig med det arbeidet han skulle vera bas for. Harald Idland overtek som bas for dugnads-gjengen på trearbeidet. Til jul er huset under tak. Til årsmøtet i slutten av november er det gått med ca. 3500 dugnadstimar. Ein skylder her å gjere merksam på at samfunnshuset er eit samarbeidsprosjekt og at dugnads-gjengane vert rekruttert frå alle fem laga som er samene om huset.

Arbeidet med laget si fane vart sett i gang. Bjørg Høyland har teke på seg å sy henne. Me håper ho skal vera ferdig til 17. mai 1985. Elles vart det vedtatt å skipa til ein jubileumsfest 4. mai 1985. Ein får nå ta att det ein ikkje fekk gjort til 10-årsjubilêet. Styret arbeider med å vinne gehør for at idrettsanlegget skal stå ferdig jubileumsåret. Det vart bevilga 60.000 kroner over 1985-budsjettet til formålet.





Sitjande frå venstre: Harald Idland, Karl Brådli, John Levang, Jan D. Ringstrøm og Oddmund Asbjørnsen. Ståande frå venstre: Ida Karin Hille, Synnøve Fuglestad, Kari Osland, Marry Jane Vinningland og Vigdis Skjæveland. Innfeld Brit Tengesdal. (Ho var ikkje til stades då gruppebiletet vart teke.)

Elles legg ein merke til et medlemstalet er aukande, 364 ved årsmøtet 1984.

Fotballgruppa er i utvikling. Det er skipa til ei junioravdeling i gruppa til å ta seg av alle dei unge fotballspelarane. Aktiviteten er stor. Grasbanen er nærast "sprengd" berre nokre år gammal.

Ein legg merke til at A-laget dett ned i 6. divisjon att, men at småpikelaaget vinn si pulje utan eit einaste tap.

Friidrettsgruppa set ny rekord i Holmenkollstafetten med tida 52.07. Laget fekk ein 45. plass.

0-gruppa har fått til ennå eit nytt kart, Skjæveland.

Støttelaget har fått inn 20.000 kroner på basarar.

Med 1984 går ei 20-årig historie i laget ut.

Me håper at dette heftet har gitt eit oversyn over arbeidet som her blitt gjort. Ikkje alt har fått plass her. Ein har vore nøydd til å halda seg til hovedlinjene. Det er å håpa at Bjerkreim Idrettslag går gode år i møte. Mykje tyder på at det vil skje.

#### HOVUDSTYRET JUBILEUMSÅRET 1985

Formann: John Levang  
 Varaformann: Jan D. Ringstrøm  
 Sekretær: Ida Karin Hille

Kasserar:

Kari Lise Osland

Styremedlem:

Karl Brådli

1. Varamann:

Marry Jane

Vinningland

2. Varamann:

Arnulf Fuglestad

Formann i fotballgruppa:

Brit Tengesdal

Formann i friidrettsgruppa:

Harald Idland

Formann i skigruppa:

Oddmund Asbjørnsen

Formann i orienteringsgruppa: Synnøve Fuglestad

Formann i turngruppa:

Vigdis Skjæveland

#### GRUPPESTYRE I BJERKREIM IL

##### JUBILEUMSÅRET 1985

##### Fotballgruppa

Formann: Brit Tengesdal

Oppmann A: Åge Osland

Oppmann B: Oddvar Svella

Ungdomsleiar: Terje Frøiland

Styremedlem: Ole Magne Birkeland

##### Friidrettsgruppa

Formann: Harald Idland

Oppmann sen.: Åsbjørn Solberg

Oppmann g/j: Odd Vegard Nedrebø

Styremedlem: Ingfrid Bue  
Styremedlem: Odd Eilert Ramsland  
Styremedlem: Magne Egeland

#### Skigruppa

Formann: Oddmund Asbjørnsen  
Styremedlem: Viktor Nedrebø  
Styremedlem: Kåre Espedal  
Styremedlem: Kåre Gåsland

#### Orienteringsgruppa

Formann: Synnøve Fuglestad  
Styremedlem: Kåre Espedal  
Styremedlem: Arnulf Fuglestad  
Styremedlem: Solveig Espedal

#### Turngruppa

Formann: Vigdis Skjæveland  
Styremedlem: Jorunn Klungland  
Styremedlem: Unni Vikeså

#### Idrettsmerkeutval

Formann: Jan Derrick Ringstrøm  
Styremedlem: Helene Bråдли  
Styremedlem: Solveig Espedal

## FORMENN I BJERKREIM IDRETTSLAG 1965 - 1985

Alf Vikeså	1965 – 1966 - 1967
Knut Eimhjellen	1968
Harald Birkeland	1968 (Nokre mndr.)
John Syrtveit	1969 - 1970- 1971
Gunnar Gjedrem	1971 (Ca.3/4 år.)
Oddmund Asbjørnsen	1972 – 1973 - 1974
Torbjørn Sanna	1975 - 1976
Oddmund Asbjørnsen	1977 - 1978
Karl Bråдли	1979 – 1980 - 1981
Odd Vegard Nedrebø	1982
Tor Sverre Fuglestad	1983
John Levang	1984 – 1985

### Frå Bjerkreimskalenderen 2000:



*Juniorspelarane som vann norges-cupen i Rogaland 1974/75: Framme frå venstre: Tor Anton Versland, Finn Carlsen, Tom Osland, Alf-Magne Slettebø. Bak frå venstre: Knut Skjæveland, Svein Birkeland, Tore Malmei, Magnus Høyland, Ragnar Bjerkreim.*



## Volleyballgruppa – opptur og nedtur

Volleyballgruppa i Bjerkreim Idrettslag vart oppretta hausten 1972. Initiativtakar var ein tilflytta lærar, Herleik Lindteigen. På årsmøtet vart han valt til leiar i gruppa. Med seg i styret fekk han Edgar Birkeland og Tor Klungland. Same hausten starta gruppa opp med fellestrening for menn senior og junior på Vikeså sku le. Om lag 25 personar møtte på treningane.

Året etter, i 1973, vart laget meldt inn i Rogaland Volleyballkrets og Norges Volleyballforbund. Seinhaustes same året deltok jaget i serien med eit seniorlag i 4. divisjon og eit juniorlag. Dei to første instruktørane var Edgar Birkeland og Tor Klungland. Seniorlaget rykte rett opp i 3. div. etter å ha blitt nr. 4. Spelarane på dette første volleyballaget i Bjerkreim var Arnt Trygve Slettebø, Tor Klungland, Ketil Gjedrem, Gaute Skretting, Arne Geir Abeland, Egil Håmsø, Paul Eikeland, Anstein Kydland og Egil Søyland.

Juniorane vart etter kvart blant dei beste i kretsen. Sesongen 74/75 vant dei Norges-cupen i Rogaland. Volleyballgruppa utdanna både trenarar og dommarar. Edgar Birkeland og Arne Geir Abeland dømde etter kvart både i 1. div. (elite) damer og 2. div.

herrar. Seinare kom også jentene med og gjorde det straks svært godt. Eit år var seniorlaget nær ved å rykkja opp i 2. div., den nest høgaste divisjonen i landet. Heimadøming, som var eit stort problem innan volleyballen på den tida, var kanskje den avgjerande årsaka til at laget ikkje rykte opp. I sesongen 77/78 deltok 4 lag i serien, 2 herrelag, i damelag og i junior jentelag.

Men så byrja det å gå nedover med laget. Det vart etter kvart dårleg oppslutning på treningane, noko som særleg skuldast at spelarane byrja på vidaregåande skule utanom bygda. Gruppa vart oppløyst i 1982.

Volleyballgruppa låg nede til hausten 1991. Då tok ein del jenter, med Åshild Slettebø i spissen, initiativ til å danna eit damelag, Olav Vølstad var primus motor for laget. Mennene kom etter våren 1992. Særleg damelaget gjorde det bra dei første åra. Hausten 1995 byrja laget igjen å få problem med oppslutninga. Både dame- og herrelaget måtte trekkjast frå serien. Det vart i staden meldt på eit mix-lag. Gruppa vart på nytt nedlagt i 1996.

Tekst: *Arne Geir Abeland*

### Klubbrekordar senior til 1985

#### MENN

100m	Bjørn Hille	11,5
200m	Bjørn Hille	24,0
400m	Bjørn Hille	51,4
800m	Magne Egeland	1,59,0
1000m	Magne Egeland	2,36,2
3000m	Magne Egeland	9,10,4
5000m	Magne Egeland	16,05,9
10.000m	Sven Serigstad	33,05,9
25km landeveg	Sven Serigstad	1,25,43
Maraton	Sven Serigstad	2,27,40
110m hekk	Arne Geir Abeland	19,1
400m hekk	Bjørn Hille	60,3
2000m hinder	Joar Bergin	6.37.0
3000m hinder	John Syrtveit	10.54.2
Lengde	Ludvig Bjerkreim	6.12m
Lengde u. tilløp	Ludvig Vikesdal	2.92m
Høgde	Herleik Lindteigen, Arne Geir Abeland	1,50m
Høgde u. tilløp	Odd Eilert Ramsland, Arne Geir Abeland, Håkon Surdal	1.20m

Tresteg	Ludvig Bjerkreim	12.29m
Stav	Arne Geir Abeland	2.90m
Kule	Herleik Lindteigen	10.02m
Diskos	Arne Geir Abeland	23.32m
Slegge	Herleik Lindteigen	21.48m
Spyd	Herleik Lindteigen	40.14m
10-kamp	Arne Geir Abeland	
KVINNER		
60m	Gro Anni G. Sveta	8.4
100m	Gro Anni G. Sveta	13.1
200m	Gro Anni G. Sveta	27.3
400m	Gro Anni G. Sveta	59.9
600m	Gro Anni G. Sveta 1.	37.0
800m	Gro Anni G. Sveta	2.20.6
1500m	Gro Anni G. Sveta	5.44.1
100m hekk	Gro Anni G. Sveta	21.3
Lengde	Gro Anni G. Sveta	4.79m
Lengde u. tilløp	Gro Anni G. Sveta	2.33m
Høgde	Randi Sundvor	1.30m
Høgde u. tilløp	Randi Sundvor, Synnøve Helland,	1.05m
Kule	Unni Slettebø	7.68m
Spyd	Gro Anni G. Sveta	15.98m
Diskos	Eva Slettebø	18.50m

# BIL historie 1985 - 2015

## HELSING FRÅ ORDFØRAREN

*Gratulerer Bjerkreim Idrettslag med 50 årsjubileum. Idrettslaget har vore godt drive i 50 år, noko som har skapt engasjement og deltaking. Det er tatt godt vare på breidda i idretten slik at alle er med, uansett kvalifikasjonar. Samstundes har laget bidratt til at det har dukka opp talent som har gjort det bra heilt i norgestoppen. Det er lagt til rette for aktivitetar som gir god trim og helsefremmane tiltak som dekker frå dei minste til dei eldste. Idrettslaget har vore pådrivar for å få på plass idrettsanlegget med både fotballbaner, idrettshall og no sist rulleskibane, noko som hadde vore umogeleg å få til uten den store dugnadsanda me har i bygda. Eit topp anlegg som me alle kan vere stolte av. Det er mange som legg ned ein stor innsats for å driva laget.*

*Takk til dokke, og lykke til vidare!*

*Marit Jon Skjoldland.*



## HOVUDSTYRET/ARBEIDSUTVAL

*“Gratuler med dagen. Det må minst vere verdsrekord at eit idrettslag kan feira sitt 20-års jubileum nøyaktig på stiftelsesdagen, og at dette fell saman med ein laurdag.” -*

Dette var opningsreplikken til Bjørge Lillelien, på jubileumsfesten 4. mai 1985.

20 års jubileum til BIL blei markert med fest i fullsett gymnastikksal på Vikeså skule, same kvelden Norge vann Grand Prix med “La det swinge”. Det svinga og på jubileumsfesten. Festtalar var NRK sin legendariske sportsreporter Bjørge Lillelien.

Laget hadde i mange år ønskt seg ei fane, men hadde ikkje klart å prioritere midlar til denne. “Eg skal sy den”, sa Bjørg Høyland. Som sagt så gjort. På jubileumsfesten fekk BIL overrekk ny fane sydd av Bjørg. Ho hadde teke på seg heile arbeidet utan betaling. Dette kan stå som symbol på alt arbeidet som leiarar og medlemmer i idrettslaget har gjort og gjer gratis, for trivsel i bygda.

På jubileumsfesten blei det og utpeika to æresmedlemmer: Alf Vikeså og Ivar Hostad for deira arbeid for idretten i Bjerkreim. Alf Vikeså var lagets fyste formann. Ivar Hostad fekk heider for sitt arbeid med å etablere lysløype på Nedrebø. I Bjerkreim Bygdablad mai utgåva 1985 finn vi ein

fyldig reportasje av jubileumsfesten.

Til 20 års jubileet blei det gitt ut eit historieskriv om dei fyrste 20 driftsåra til BIL.

Ei av hovudoppgåvene til styret i BIL har alltid vore økonomi og økonomistyring. I ei lita bygd, med få store næringsbedrifter, kan det være vanskeleg å skaffe sponsorar. Likevel har næringslivet i bygda vore rause og stilt som sponsorar, spesielt for undergruppene. Dette har skjedd gjennom dugnadsinnsats, rimelege varekjøp, annonsering og direkte støtte.

*Bjørg Høyland sydde fana til BIL (1985).*





# Bjerkreim ønsker nytt samfunnshus

Mer enn 200 000 kroner er samlet inn til nå

Av RANDI MYDLAND

**BJERKREIM:** Bjerkreim-buen ønsker samfunnshus. Det viser givergleden aksjon samfunnshus er møtt med under sine dør-til-dør-aksjoner. Vel 200 000 kroner er til nå samlet inn fra frivillige givere.

– Arbeidet er kommet godt i gang. Vi har nylig hatt sperrekalas og regner med å flytte inn i den ene delen av huset allerede til jul, sier Magne Vaule fra byggekomiteen for nytt samfunnshus på Vikeså.

Det er byggeundomslaget, idrettslaget, skytterlaget, bonde- og bondekvinnelaget som står som hovedeiere i Bjerkreim samfunnshus. Bygget er kostnadsbe-

regnet til omtrent 6,4 millioner kroner og er planlagt å stå helt ferdig neste høst.

Samfunnshus har i flere år stått på ønskelista i Bjerkreim. I dag foregår de ulike fritidsaktiviteter rundt om i mindre lokaler. Det nye bygget skal inneholde en stor og en liten festsal, som også holder mål til idrettshallbruk, kjøkken, to garderobeanlegg, et for innendørs- og et for utendørsbruk, samt skytterbane.

Bygget får to fulle etasjer på nærmere 800 kvadratmeter hver. I underetasjen skal det innredes et foreningslokale der de yngste borgerne skal være med sine aktiviteter. Skytterbanen befinner seg også i denne etasjen, samt

garderobene. Øverste etasjen er forbeholdt samfunnshus-funksjoner. Det skal anlegges scene med tanke på teater- og lignende bruk. Her skal også kinoen holde til i framtiden. Hele bygget er tilrettelagt for rullestolbrukere.

– Folk blir mer og mer interesserte ettersom de ser det skjer noe på tomta her. Vi er svært takknemlige for alle gavene. Dersom noen fortsatt ønsker å gi penger, tar banken imot. Vi har egen konto til innsamlingene der. I kostnadsberegningene kan vi også trekke fra 2,5 millioner kroner i dugnadsinnsats, som hittil er utført knirkfritt, sier Magne Vaule fra aksjonskomiteen.



Vi er godt fornøyd med arbeidet hittil, skåler Harald Idland fra venstre, Odd Vegard Nedrebo og Magne Vaule fra byggekomiteen for nytt samfunnshus i Bjerkreim.

Hovudstyret har fått årlege driftstilskot frå kommunen. I mange år har SR-bank vore hovudsponsor og ein god støttespelar for laget. Styret fordeler desse fellesmidlane vidare til undergruppene etter medlemstal og aktivitet. Undergruppene har likevel ansvar for sitt eige budsjett og må passe på at økonomien er under kontroll. Det kan vere strevsamt å få inn midlar kvart einaste år, for å oppretthalde aktiviteten. Laget har som mål at terskelen for å vere medlem skal vere låg. Medlemskontingenten skal vere overkommeleg for alle. Undergruppene har vore flinke til å ha økonomisk kontroll. Det har likevel hendt at hovudstyret har måtta gripe inn i undergrupper når økonomien har kome ut av kontroll. Det har ført til at gruppa har teke tak i problema og klart å få økonomien i ballanse. Herbert Domke var “økonomisjef” for laget i 14. år. Han gjorde ein formidabel innsats med kontroll av lagets økonomi. Gjennom arrangement, basarar, loddsal, treplanting, utvask, husbygging, mangfald av dugnader, m.m. har gruppene skaffa seg inntekter til sine aktivitetar. I 1996 starta laget salet av eigen produsert idrettskalender. Den har gjeve gode inntekter. Totalbudsjettet for BIL auka år for år. Ca. år 1990 passerte bruttobudsjettet kr. 500.000. For Idrettslaget har samfunnshuset, Vikeså Stadion, Bjerkreimshallen, kunstgrasbanen og rulleskianlegget vore store løft. Forutan og ha hatt ansvar for byggeverksemd og dugnad, har laget og medansvar for drift av samfunnshuset og hallen. Arbeidet med Samfunnshuset starta 12. desember 1983. Her skulle leggest til rette for idrettsgarderobar, skytebane, miljørom og gym-/festsal med scene. **Samfunnshuset var ei fellessatsing mellom fem friviljuge lag i bygda.** Eigaraane av samfunnshuset tok opp lån på 1 mill. kr.

til byggeprosjektet. BIL måtte vere med på nedbetaling av dette lånet. Bjerkreimsmarken og Bjerkreimsrevyen gav av sine overskot til nedbetaling av lånet. SR bank gav fleire hundretusen kroner. I 1989 var lånet redusert til 150.000 kr. Igjen viser bygdefolket si dugnadsånd formidable resultat. I 1985 inngikk BIL avtale med kommunen om vedlikehald av grusbanen på Bjerkreim. Det blei same år utforma avtale om drift av det nye idrettsanlegget på Vikeså. Det som er gras-og løpebanen i dag. Idrettslaget hadde då ansvaret for



vedlikehald og drift av dei kommunale idrettsanlegga. Kommunen gav eit fast årleg tilskot til arbeidet. Det blei opprette ein banekomiteé for Vikeså stadion. John Levang var leiar for komiteen og var banemeister i mange år. Både løpebane og grasbane blei halden i topp stand. I 1992 blei det sett opp lys rundt løpebanen. Arbeidet blei utført på dugnad. Fotballgruppa sette same året opp “spelarboksar” til fotballbana. Idrettslaget gikk og inn ein prøveavtale med Nor Bil (Landsnes) om vasking og rydding av utstillingshallen for bilar. Det som i dag er Bjerkreim Idrettshall. Laget tok på seg dirigering av trafikken då det var stor tilstrømming av publikum





på bilauksjonsdagane til Landsnes. På desse helgane kunne det vere over 10.000 besøkande i hallen. Dugnaden gav gode inntekter så lenge dette showet varte.

I 1989 starta arbeidet med planlegging og bygging av idretts/aktivitetshall i Bjerkreim. Dette blei eit kjempe dugnadsarbeid for laget. Samstundes var dette det fyrste industribygget i landet som fekk STUI midlar til ombygging til idrettshall. Det gjekk ikkje av seg sjølv. Kommunen fekk avslag på fyrste søknad, men kultursjefen klaga på vedtaket, ut frå at han saman med fleire kulturbyråkratar hadde fått midlar frå STUI til studietur for å sjå på liknande prosjekt i London. Han fekk representantar for STUI ( Satens ungdoms- og idrettssektor) på plass på Vikeså for å sjå på prosjektet.

STUI snudde på sitt vedtak og sa: *Dette er fyrste industribygget i landet som blir bygd om til Idretts/aktivitetshall. Plasseringa er gunstig i forhold til samfunnshus og idrettsanlegg. Prosjektet er rimeleg og ei god løysing.* Hallen fekk ei slutt rekning på ca.



*Bjerkreimshallen er til glede for liten og stor*

8 mill. kr. Finansiert slik:

Dugnad	2,0 mill. kr.
Redusert pris innkjøp	1,0 mill. kr.
STUI	2,5 mill. kr.
Covent:	0,6 mill. kr.
Kommunalt tilskot	1,4 mill. kr.
Lån	0,5 mill. kr.

Odd Vegard Nedrebø, Harald Idland, Marthon Skårland og Ingve Fuglestad stod sentralt i arbeidet med hallen. Det var mange sprø personar i laget i den tida og. Arbeidet blei sett i gang utan at det var avklart kven som skulle eige og drifte hallen.

Drifta av hallen ville påføre eigarane store årlege kostnader. Etter førespurnad frå initiativtakarane, vedtok representantskapet i Bjerkreimsmarken å gi overskotet av komande markensarrangement til Bjerkreimshallen. Dette har vore heilt avgjerande for drifta i alle år. Kommunen gikk inn med eit fast årleg tilskot.

I 1990 blei stiftelsen **Bjerkreimshallen** etablert, med eige styre og vedtekter. 20 lag/foreiningar kjøpte aksjar i hallen. BIL kjøpte flest aksjar for til saman 20.000 kr. Same året blei det på ny eit godt overskot på Bjerkreimsmarken, 200.000 kr. som gikk til hallen. Overskotet frå Bjerkreimsmarken var viktig for å få realisert idrettshallen og sidan for drifta. Etter fleire år med dugnad kunne hallen opnast 10. september 1996. Same året vedtok kommunestyret å gi eit årleg driftstilskot på kr. 100.000,-. Bjerkreimsmarken gav det året 260.000,- kr.

Hallen blei opna med ein prestisjekamp i handball mellom dei to beste elitelaga i landet, Viking og Stavanger idrettsforeining, (SIF). Landslagstrenaren i handball var til stades for å sjå på aktuelle landslagsspelarar. Elitespelarane var godt nøgde med hallen og golvdekke som var valt.

Same året melde BIL seg på det nasjonale ILIS-prosjektet. (Idrettslaget i sentrum). Det blei sett i gang arbeid med å formulere mål for det idrettslaget ville satse på. Alle undergruppene definerte sine mål og satsing. Generelt skal BIL gi aktivitetstilbod til alle etter prestasjonsmål og behov, bidra til gode holdningar, trivsel og helse gjennom eit godt inkluderande miljø. BIL skal vere ein "paraplyorganisasjon" med eit hovudstyre og styre for kvar undergruppe.

Fleire gonger har det vore drøfta å skilje ut dei største gruppene til eigne idrettslag. Fotballgruppa har fremma dette. Etter lange og gode diskusjonar har idrettslaget landa på at idretten står sterkast ved å ligge under ein "paraply". Alle anlegga som er kome på plass i bygda syner at det er viktig å vere





*Dagfinn Mong var primus motor for prosjektet "Vikeså Stadion 2012".*

samla om prosjekta. Alle hjelper alle.

På midten av 1980 talet var det planar om å få til eit regionalt skisenter på Stavtjørn, med skistadion, skiksyttelanlegg, og lysløyper. Kommunen involverte seg i prosjektet saman med Rogaland skikrets og Rogaland Turrennklubb. Desse tre gikk inn med like eigardelar.

Arbeidet blei starta opp, men rann ut i sanden då det var problem med å få alle involverte partar aktivt med. Idrettslaget var med frå starten i planleggingskomiteen.

Ca. rundt 1995 tok idrettslaget initiativ til å starte

idrettskule for 1. til 6. klasse. Dette klarte ikkje laget å få til. Tanken om å gi dei unge eit allsidig fysisk tilbod var god, men det synt seg at det var vanskeleg å få gjennomslag for ideen. Leiar for laget i 1995, Skjalg Espedal, seier i årsmeldinga at tiltaket truleg fall i fisk p.g.a. misforståingar om kva innhaldet i tilbodet var. Likevel blei det i 1997 starta to grupper i barneidrett for 5 og 6 åringar. Ei gruppe på Bjerkreim og ei på Vikeså.

Skulane på Vikeså og Bjerkreim har vore viktig for laget sin aktivitet. Idrettslaget har fått bruke gymsalar og basseng gratis. I mange år fekk leiarar i



*Stadionområdet på Vikeså 2014*





*I Bjerkreimshallen er fotballgruppa sine trofeer samla*

laget eigne nøklar til å låse seg inn på skulane til sine idrettsaktivitetar.

I 1999 vedtok Noregs idrettsforbund at alle idrettslag skulle ha eigne lover. Dette førte til eit omfattande arbeid for hovudstyret i laget. I 2001 blei det lagt fram forslag om Lov for BIL, organisering av BIL og økonomiske retningslinjer for BIL. Hovudstyret blei då "omdøyp" til arbeidsutval.

I 2007 starta arbeidet "Vikeså Stadion 2012". Dagfinn Mong var primus motor for dette utruleg viktige arbeidet. Han stod på overfor kommune, administrasjon og politikarar. Ein plan som omfatta: tribuner ved grasbana, fast dekke på løpebana, rullerløype med lys, kunstgrasbane, klubbhus og parkering. Prosjekta skulle finansierast med spelemidlar, sponsing, kommunale midlar og dugnad. I 2009 låg kunstgrasbana klar og under Bjerkreimsmarken i 2013 kunne den fyrste

rullerløype i fylket takast i bruk. Idrettslaget tok opp lån får å fullfinansiere deler av prosjektet.

Eit kjempeløft for eit lite idrettslag. Igjen viser laget ei ukueleleg tru på at vi saman skal få til det som for mange ser ut til å vere ei umogeleg oppgåve. Igjen er dette avhengig av eldskjeler som er viljuge til å stå på.

Eit anna kjempeløft i bygda var VM i saueklypping i 2008. Idrettslaget var med og hadde ansvaret for parkering. I alt gav denne dugnaden kr. 150.000 i inntekter.

### **Dugnadsinnsatsen.**

Medlemmene i idrettslaget har opp gjennom åra, vist stor vilje til dugnad. Dette synte særleg igjen i den tida vi fekk ny idrettsbane på Vikeså, bygging av samfunnshuset, ny idrettshall, kunstgrasbane og rullerløype. Idrettslaget var involvert i alle byggekomiteane. Hadde eigne dugnadskomitear med hovudansvaret for å skaffe folk til dugnadsarbeid på alle anlegga. Samstundes trong laget personar til parkeringsvakter, kafédrift, vasking, rydding, Bjerkreimsmarken, 17. mai komité, festkomitear, arrangement m.m. Her var mange "Tordenskjold soldatar" som stod på og aldri sa nei då dei vart

spurde om å stille opp. I ei lita bygd som Bjerkreim er vi avhengig av at folk gjer ein innsats dersom vi skal få gode tilbod til alle. Kommunen klarer ikkje aleine å bygge og drive anlegg til frivillige organisasjonar, men det er og viktig at kommunen, politikarar og tilsette viser velvilje. Då kan vi få til masse saman. Til fleire som deltek til meir får vi til. Det som då er viktig er "motorane", drivande personar, som er villig til å bruke tid og ta ansvar for å leia gjennomføringa av prosjekt. Idrettslaget har opp gjennom åra hatt fleire slike oppofrande personar. Desse er vi stor takk skuldig.

## **FOTBALLGRUPPA**

Fotballgruppa har vore den største undergruppa i laget i alle år.

Anlegg til å ta imot den store aktiviteten har vore utfordrande. I mange år var grusbane ved skulen på Bjerkreim både treningsanlegg og kamparena. Så fekk me Vikeså Stadion, med grasbane, små grasflater og seinare kunstgrasbane. Dette har gjeve laget auka mogelegheiter og kapasitet. Grusbane på

Bjerkreim blei i 2006 supplert med ballbingen på Bjerkreim.

I fotballgruppa vert det lagt ned eit formidabelt arbeid for å finne leiarar, instruktørar og trenarar for alle laga i dei aldersbestemte klassane. Som vanleg er det foreldre som trør til og tek ansvar, noko som kan føre til manglande kontinuitet for dei aldersbestemte laga. Når ting ser som svartast ut og sesongen står for døra, kjem personkabalane på plass. Enkelte år har fotballgruppa hatt over 200 ungar med på aldersbestemte lag. Det er ein stor prosent av alle som går i barne- og ungdomsskulen i Bjerkreim.

Til tider har vi hatt lag som har hevda seg heilt i toppen både i kretsen og i større nasjonale






turneringar. Knut Skjæveland er den mannlege spelaren frå Bjerkreim som har spelt i høgast divisjon. Han spelte på Viking i sesongen 1985. Knut blei "kjendis" for sit spektakulære saltoinnkast. Dagbladet skreiv i ein ingressen etter ein kamp mot Mjøndalen, der Viking vant 2-0.: "Viking spissen Knut Skjæveland brakte akrobatikk inn i norsk fotball i går. Med innkast. Utførelse: slo stiftet før ballen ble kastet inn på banen. Av turnkyndige ble det mest vellykkede kastet bedømt til godt over 9,0."

Kvar søndagskveld, i nær to år, blei Knut sitt innkast vist på NRK sportsrevyen sin vignett. I 1986 var Knut tilbake i BIL som spelar og seinare som trenar.

I 1984 starta eit lite eventyr i fotballgruppa. For fyrste gong blei det tilrettelagt fotballtrening for jenter. Om lag 20 jenter hadde lyst å drive med fotball. "Fotball er ikkje berre for gutar. Det er gilt å spennas og så kjem me i god form." Sa jentene. Håkon Bjorland, rektor på Vikeså skule, tok på seg trenarjobben. Han trudde at interessa til jentene ville dabba av utover våren og



Håkon Bjorland var den fyrste trenaren for jenter i fotballgruppa. Noko han gjennomførte med stor suksess.



"Saltoinnkastet" til Knut Skjæveland skapte mykje mediafokus. Her har Stavanger Aftenblad illustrert det. (1985).

meinte at dei burde vente med å melde lag på i serien. Han tok skammeleg feil. Jentene synte stor treningsiver og mottoet var å stadig oppmuntre kvarandre i staden for å bruke kjeft. Eit småpikelaag (13-14 år) blei så meldt på i serien. Kva hende? Småjentene frå Bjerkreim slo til og gikk heilt til topps i si pulje i 2. divisjon. Laaget tapte ikkje ein einaste kamp i serien. Dei laga 33 mål og slapp inn kun 5. Dei neste par åra løfte "spesialpedagog"

Bjorland laget til nye høgder. Jentelaaget spelte seg til finaleplass både i serie og cupar. Dette blei starten på mange gode prestasjonar frå jentelaag i Bjerkreim. Seinare har fotballgruppa hatt fleire gode jentelaag med i serien. Dei mange turneringane og cupane, både i inn- og utland, er populære å delta i. Dei er viktige for å skape miljø og samhald. Fotballgruppa har stilt med lag i mange slike turneringar. Vidar



Småjentelaaget frå 1985. Nr. 1 i småpiker 2. divisjon. Bak frå venstre: Anita Gravdal, Anne Helene Honnens, Inger Merethe Bjerkreim, Tone Vaule, Inger Alice Tengesdal, Brit Heidi Tengesdal. Framme frå Venstre: Miriam Skjæveland, Hege Irene Juul, Hege Bjorland, Ane Kydland, Marianne Bue, Toril Fuglestad, Astird Helene Ivesdal.





Mestercupen samlar mange unge fotballspelarar i Bjerkreimshallen

cup, Sørlands-cupen, Norway cup, Dana cup (Danmark) m.m. Fleire gonger har dei unge gått heilt til finalen. I 2004 vant jenter 16 i finalen i B-sluttspillet i Dana-cup. Same laget spelte seg fram til A-finalen i 2005. Der tapte dei knipent 1-2. Her deltek lag frå Europa, UAS og Canada. Ein kjempe prestasjon av Bjerkreimjentene.

I 1987 hadde fotballgruppa eit stort underskot på sin rekneskap. Hovudstyret sette strenge krav til å rydde opp i økonomien. Gruppa med styreleiar Terje Frøiland i spissen sette i gong ein formidabel snuoperasjon. I løpet av eit år snudde dei økonomien frå stort underskot til solid overskot. Det mest spesielle dei sette i gang var "Fotballhuset". Terje Slettebø foreslo at fotballgruppa skulle kjøpe ei kommunal tomt og bygge eit bustadhus på dugnad. Den ville ideen blei gjennomført. Prosjektet blei vist på NRK TV "Norge rundt". Sal av huset gav eit overskot på 214. 000kr. (1987). Pengane blei sett inn på konto i banken. Rentene av beløpet skulle brukast til skolering av trenarar og leiarar. ( Det var god rentefot i dei dagar.) Dette er friviljug dugnadsarbeid på sitt mest spektakulære. Same året rykka A-laget opp til 4.

Stort oppslag i Stavanger Aftenblad då Bjerkreim slo Viking i Rogalandcupen i 2001.

divisjon. Noko som igjen var imponerende. Ikkje nok med det-Juniorlaget for kvinner kom på 2. plass i 1. divisjon bak storklubben Klepp. Same laget blei nr. 2 i B-finalen i Norway – cup. Fleire av dei aldersbestemte laga gikk til topps i sine krets puljer. Ikkje nokon gong før har så mange spelarar frå Bjerkreim blitt tekne ut på sone og krets lag. Ikkje rart at

årsmeldinga frå fotballgruppa var fyldig det året. Som formann Frøiland sa det: *Heile bygda kan vere stolt av det som har skjedd. Vi har synt at Bjerkreim-buen torer-vil og kan klare like store prestasjonar som gigantar i byane.*

A-laget klarte seg godt i 4. divisjon. I 1989 blei dei nr. 3, langt over forventningane.

I 1990 hamna dei ca. midt på tabellen. Damelaget var nær på å rykke opp frå 3. til 2. divisjon. Dei blei slått på "målstrekken". Kanskje var det greitt. Eit fotball liv i 2. divisjonen ville ha kosta laget fleire 100.000 kr. pr. år, på høgde med totalbudsjettet til idrettslaget. I 1995 tapte damelaget knipe igjen, denne gongen for Voss i opprykkskamp til 2. divisjon.



# David slo Goliat

Bjerkreim - Viking 5-4. Staal, Vindbjart, Vidar, Boda/Gilmt og Tromsø har forsøkt, uten hell. Men vesle Bjerkreim gjorde det! Laget fra 4. divisjon sendte Viking hodestups ut av cupen, Rogalandcupen.

Av Jan Erik Larsen og Fredrik Byrnes (foto)

**KAMPFAKTA:**  
3. runde Rogaland-cupen fotball, menn  
Bjerkreim - Viking 5-4 (3-2)  
Staal stadion, 450 tilskuere  
Mål: 1-0 Jan Inge Aaland, 2-0 Tor Petter Skjoveland, 3-0 Kristian Vaule (straffespøk for avgjørelse), 3-1 Kenneth Torstveit (7), 3-2 Kristian Vaule (20), 3-3 Leif Gunnar Smerud (50), 3-4 Ben Wright (60), 4-4 Kristian Vaule (81), 5-4 Kristian Vaule (79)  
Inngangsskott: 1-1  
Dommer: Kjell Høien, Eiger - god  
Barnens beste: Jon Tomnes Spjære, Bjerkreim  
Vikingens beste: Ben Wright  
Målfakta: 5-1  
Bjerkreim 1-4-2p: Ove Eiteland - Odd Arne Slettebø, Jan Inge Aaland, Tor Petter Skjoveland, Heide Bua - Geir Espeland, Bjarte Fosstøl, Kristian Vaule (50), Børge Høiland fra 761, Gøran Sveik - Roy Olav Skjoveland (Laras Vaule fra 161, Jan Tomnes Spjære)  
Viking 1-4-2p: Tore Sjøstrand - Kristian Sørli, Patrick Holter, Trygve Nygaard, Håvard Flusnæs (Troms Kolvereid fra 80) - Jørgen Tøngedal, Leif Gunnar Smerud, Kenneth Torstveit, Fredrik Paulsen (Bjørn Berland fra 46) - Jan André Aunevold fra 80) - Trond Heggstad, Ben Wright

«Og oss Byrnes i kvartfinalen på hjemmehallen, jublet trener Jonnes Merksand da da flytta lød for full tid - og sensasjon på Vikens stadion var et faktum. Heri tok vår Viking-trener Benny Lemnartsson oppgjør til tross for østblikke, men for Bjerkreim var merkelaget et faktum. Det var et 8-prøvede vikinglaget måttet rett og slett ikke å svare, da hjemmelaget kontrast sun to spillemaal i 2 omgang.

En meget opplagt Jon Tomnes Spjære straffespøk Viking da gjestene helt gjemte å forsvare seg på stillingen 4-3 i egen favor. Spjære la opp til begge Bjerkreims scoringer etter tvil, og til straks motvært på Viking-trening av Benny Lemnartsson.

«Vi trenger en kjapp venstrekanter som deg, synd at du skal skule bort talentet ditt i 4. divisjon, sa svensken.

«Takk for invitasjonen, det loder forelopende. Når jeg litt beder trent, dukker jeg kanskje opp senere i høst, hvis invitasjonen står åpen, takket Spjære.

**Manne heller**  
Han var likvel ikke den eneste belten i Vikens i går kveld. Målvakt Ove Eiteland rykket opp i store stiller da Viking jaget ut-likelsen, ekstratid, gangene, og Kristian Vaule scoret to ganger - foruten målet fra 11-meters før avgjørelse.

Da jeg så oppgjør stillingen til Viking ante jeg at vi hadde sluttet. Det samme gjorde spillerne. Og jo ødler kampen ble, jo mer trodde de på seier. For oss er dette en flott bonus, og veldig fin rekord. Ouch over så vokste og minst like mange unge var på plass for å se Viking, til tross for at de manglet nesten alle A-laget. Derfor kryser vi fingrene for at fotballkretsen gir oss høyne i neste runde, sier Merksand til Aftenbladet.



Kaptein Tor Petter Skjoveland og Bjerkreim kjempet heroisk mot Ben Wright og Viking, og tinnkasserte en sensasjonell seier i Rogaland-cupen.

Vikingtrener Benny Lemnartsson protesterte ymykt. Bjerkreim med prestasjon, og ikke ikke at flere av de potensielle A-lagspillerne ikke grep sjansen.

«Ben Wright var positiv i 1. omgang, eller er det bare svensken, som ikke hadde en eneste spiller fra startoppstillingen mot Odd Grenland på laget som tok avgjørelse i Vikens i går.

Trygve Nygaard, Ben Wright, Jørgen Tøngedal, Bjørn Berland i 2. omgang) var de fire utvalgte med mer enn en omgang i elite serien bak seg.

**Bennys tre svarte**  
«Jeg har opplevd tre svarte øyeblikke med Vikens i år. På nyåret tapte vi for Hødra i en innendørs turnering på Tonstad underlaget nr. 2 i for tallrike turnering i 2. divisjon, og nå tapte vi i første forsøk i

Riktig sjekk www.jaerte.k.no



Jan Erik Larsen er aftenbladet.no

Bjerkreim-målvakt, gorillaen Boda-waile Brattbø, var på plass på Vikens stadion og delte ut baller og godterier til seerne. Etter kampen deltok han i seiersfesten.





### A-laget frå 1982.

*Bak frå venstre: Arild Merkesdal, Sigmund Skjæveland, Sjur Larsen, Magnus Høyland, Tor Klungeland, Knut Skjæveland, Arnt Trygve Slettebø, Knut Nygård.*


*Framme frå venstre: Odd Einar Homse, Alf Magne Slettebø, Kai Skjæveland, Trond Tollefsen, Jostein Merkesdal, Ola Vikeså, Fred Skjæveland.*

Bjerkreimsjentene synta at det er mogeleg for eit lite lag, med små økonomiske resursar, å nå langt. A-laget har og hatt sine oppturar og minnerike kampar. Alt i 1985 blei dei kretsmeistarar i 6. divisjon og rykka opp i 5. divisjon. 10 år etter gikk Bjerkreim heilt til topps i Rogalandscupen med å slå Madla 4-2 i finalen. Då spelte laget i 4. divisjon og rykka opp til 3. divisjon, med Knut Skjæveland som trenar. I denne cupen deltek det lag frå alle divisjonane i kretsen. Kampen stod omtala i Aftenbladet 23. oktober 1995. Ein av dei mest spesielle kampane på stadion var i Norgescupen mot Start i 1989. Start var på den tida eit av dei beste og meste fokuserte laga i 1. divisjon. (Same som dagens tippeliga). Bjerkreim spelte i 4. divisjon og fekk på grunn av

gode resultat lov å delta i "cupen". Det var over 1200 betalande tilskodarar på Vikeså stadion. Gutane kjempa mot overmakta og tapte med 6-1. Magne Kydland laga målet for Bjerkreim, til stor jubel frå publikum. Trass tapet var det ei minnerik oppleving for både spelarar og publikum. Den neste store merkedagen på stadion var 30. august 2001. Bjerkreim slo elitelaget Viking 5-4 i Rogalandscupen. "Dette er eit av mine svartaste augeblikk som trenar for Viking", var kommentaren til den legendariske trenaren Benny Lennartsson. Trenar for Bjerkreim, Jostein Merkesdal, seier at mange av Bjerkreimgutane fortener omtale etter kampen. Aftenbladet hadde stort oppslag med: DAVID SLO GOLIAT. Lennartsson tilbaud

sporenstraks stortalentet Jon Tønnes Sjøtrø plass på Viking. Komifiguren *PITTER* i Aftenblad kommenterte hendinga slik: *Viking trenger nye spillere. E`der någon frå Bjerkreim her?* No rei A-laget på ei god bølge. I 2002 vann laget si pulje i 4. divisjon og spelte om kretsmeisterskapen mot Varhaug, som var vinnar i si pulje. Trenar Svein Henning Bjorland fortel: *Me spelte uavgjort mot Varhaug heime. I bortekampen spelte me heilt elendig i fyrste omgang. I pausen måtte eg ta hardt i. Me snudde kampen og knuste Jærbuane i andre omgang og Bjerkreim blei kretsmeistarar. Det var gilt å slå gode etablerte lag med god økonomi og godt gasjerte trenarar. Me jobba dugnad både som trenarar og*





*Guttelag frå 1989.*

*Bak frå venstre: Tommy Morten Ivesdal, Pål Levang, Halvard Idland, Anbjørn Osland, Einar Kjølberg, Ole Bjørn Hille, Kjell Ole Fuglestad. Framme f.v.: Ove Efteland, Sveinug Tollefsen, Jone Selbak, Olav V. Dalane, Einar Refsti, Einar Vaule.*



*Ingelin Ognedal setter brystkassa frem og drar seg forbi. (Bildetekst henta frå fotballmagasinet). Ingelin Ognedal spela i Klepp og seinare i Sandviken.*

*spelarar-. Dette kan stå som eksempel på BIL sin filosofi for drift av laget. Opp gjennom åra er*

det mange som trufast har lagt ned eit stort arbeid friviljug. Enkelte har vore trufaste og entusiastiske på sin hals heile livet. Det beste eksemplet på dette er Jostein Merkesdal som har vore både spelar og trenar i fotballgruppa. Han har til saman spela over 730 kampar for BIL frå 1981 til 2013. Hurra for Jostein!

Mestercupen er eit internt arrangement for dei unge fotballglade i laget. Dette er populært for både utøvarar og føresette. Arrangementet går av stabelen i Bjerkreimshallen i januar kvart år. Alle som har lyst til å spele fotball frå 6 år og til 16 år melder seg på. Laga blir sett saman av arrangørane. Fyrste dag er det seriespel for dei eldste. Vinnarane av gruppene går så vidare til cup spel neste dag. Her

blir det cupspel med A-finale og bronsefinale. Det vankar pokal til vinnarane. Dei yngste spelar fleire kampar og alle får premie. Her blir det ikkje kåra vinnarar. Alle får servert pizza og drikke. Initiativet blei teke av Jan Petersen, Tor Anton Versland og Magnar Sandstøl. Cupen starta som Covent-cup i 1998. Så, år 2000, blei det J/P –cup og i 2002 blei det mestercup. Næringslivet i bygda sponsar cupen, og laga får namn etter bedriftene som støttar arrangementet. Det har alltid vore ei utfordring å halde på dei unge spelarane. Utfordringa for både damelaget og A-laget har vore kontinuitet på spelarsida. Fleire av dei lovande/gode spelarane ville prøve seg i andre klubbar, eller måtte bort på skule og for gutane, i militærtjeneste. Gustav Kjølberg





### Jentelaget 1985

*Bak frå venstre: Astrid Helene Ivesdal, Hege Espeland, Inger Merethe Bjerkreim, Evy Fuglestad, Unni Fuglestad, Merethe Bjorland, Hilde Solberg, Tove Asheim, Anne Helene Honnens, May Brit Tengesdal. Framme frå venstre: Torill Merethe Ivesdal, Hege Bjorland, Tone Vaule, Hege Irene Juul, Lene Christine Songe, Toril Fuglestad, Miriam Skjæveland, Anita Gravidal.*

spela i Strømsgodset då dei var i den nest øvste divisjonen. Brødrene Klaus Jonas og Henning



*Ann Llin Osland seems to show up in the middle of everything good happening on the field. She is a freshman from Norway. (Tekst frå USA media)*

*Ann Llin Osland var spiss på Klepp. Ho fekk idrettsstipend som 19 åring og drog til USA og spela College fotball.*

Petersen var talent som spela i fleire kjende klubbar høgt oppe i divisjonane.

Bjerkreim har talent, det syner dei mange gode prestasjonane både jentelag og gutelag i dei aldersbestemte laga har gjort opp gjennom åra. Fleire lag har gått heilt til topps i store prestisje turneringar. Opp gjennom åra har spelarar frå klubben vore uttekne på dei aldersbestemte kretslega i fotball. I 2001 var Klaus Jonas Petersen til og med kaptein på sitt kretsleg.

I 2007 blei Else Vassbø innkalla til landslagsamling i aldersbestemt klasse for fyrste gong. I 2008 var ho fast på juniorlandslaget. Same år blei ho noregsmeister for juniorlag med Klepp, saman med Ingelin Ognedal og Ann Llin Osland, begge Bjerkreims -jenter. Else spelte i alt 47 landskampar i

dei aldersbestemte klassane. Som 15 åring kom ho til Klepp der ho spelte fast på damelaget i eliteserien fram til 2012 då ho flytte til Kolboten og spelte på elitelaget der. Dei to andre jentene, Ingelin Ognedal spela i Klepp og ho spelte seinare i Sandviken. Ann Llin Osland var farleg spiss på Klepp. Ho fekk idrettsstipend som 19 åring og drog til USA og spela College fotball.

Jentene var store talent, og p.g.a. ung alder måtte dei ha dispensasjon for å få spele på elitelaga.

Fotballgruppa er stadig stor og aktiv. Her er mange unge talent som trenar seriøst og som blir uttekne på kretsleg. Har idrettslaget tradisjon for å fylgje opp slike tallent -? Formann i fotballgruppa, Øyvind Espeland,





*Ti minutter før slutt får Klepps Else Vassbø drømmetreff med høyra og ballen går via stanga til utligning. (Bildetekst Fotballmagasinet).*

*Else Vassbø har spela 47 landskampar i aldersbestemte klassar.*

og hans styre gjer ein god jobb for den store gruppa unge. Det viktig at laget gir eit breitt tilbod til alle som har lyst å spele fotball.

## SKIGRUPPA

Skiaktivitet har vore ein viktig del av BIL i alle år. I 1969 arrangerte Bjerkreim Idrettslag det fyrste kretslangrennet i laget si historie. Det gikk av stabelen på Foss i øvrabygda. Trass i at kalenderen synte januar var det vått og mildvær. På renndagen var det nesten fritt for snø, men renn blei det. Snømangel er noko som har prega skiaktiviteten til laget i alle år. Etter det fyrste, sterkt kritiserte, kretsrennet på Foss, har skigruppa hatt ansvar for mange skirenn med stor suksess. Lysløypa på Høgevoll hjå Odd Vegard og Gerny Nedrebø var i mange år eit godt trenings- og konkurranseanlegg.

Stavløpet, arrangert på Stavtjørn fyrste gong 13. april i 1980, var i

mange år det store ski arrangementet i regi av BIL og Figgjo IL. Dei fyrste åra deltok over 500 skiløparar kvart år. Oddmund Asbjørnsen (BIL) og Skjalg Håland (Figgjo) var dei store pådrivarane. Sjølv om Asbjørnsen var arrangør fekk han tid til å gå løpet sjølv. Han har delteke i 25 Stavløp.

Dei fyrste 7 åra var det topp forhold med sol frå skyfri himmel. Arrangementet blei populært kalla "Solløpet". Så snudde vintrane med mindre snø og vanskelege forhold. I nokre år på nittitalet blei arrangementet avlyst p.g.a.

snømangel. Seinare blei Stavløpet flytta til Sirdal, mykje på grunn av strid mellom grunneigarar på Stavtjørn, om ei bru som rennet gikk over. Ein Bjerkreimsbu har vunne Stavløpet. Det var Pål Levang, i 1996. Fleire kjende løparar har delteke i Stavløpet. Dei mest kjende er Verdsmeister og OL vinnar i skiskyting Eirik Kvalfoss (1984), skiskytter Kjell Søbak og OL vinnar og verdsmeister i sprint, Tor Arne Hetland. (Det var før han blei kjendis).

Mange av seniorløparane til skigruppa reiste etter kvart rundt om i heile verda og deltok på turrenn. Magne Sundvor har vore pådrivar og reiseleiar for mange av desse turane til: Vasaloppet, (Sverige), Tartu Maraton (Estland), Marx Beeret (Spania), Jizerska Padesatka (Tjekkia), Finlandia i Lahti, König Ludwig Lauf (Tyskland) Marcialonga i Italia, Engadin Skimaraton i Sveits. Finlandia (Finland), Keskinadaloppet (Canada), American Birkebeiner (USA), Transjurasienne (Frankrike), Dolomittenlauf (Austerrike), Bieg Piastow (Polen), Kangaroo Hoppet (Australia), Demino Marathon (Russland).

Oddmund Asbjørnsen og Kåre Gåsland var blant dei fyrste 15 i Norge som fekk gullmedalje for å ha gjennomført "Worldloppet". Det vil seie dei hadde reist rundt i verda og gjennomført 10 ulike lange skirenn. Kåre Gåsland vant sin veteranklasse i Marx Beeret i Spania i 1988.

Det har vore mange sentrale personar i leing og drift av skigruppa. Den som har vore med



*Dei unge skientusiastane har flott treningsutstyr. Her på rulleskitrening på sykkelstien til Bjerkreim.*



lengst er Oddmund Asbjørnsen. Han blei leiar av gruppa alt i 1970. Då hadde han sete i hovudstyret i BIL sidan 1968. Heilt fram til 2004 sat han kontinuerlig i styret i skigruppa, mange år som leiar. I heile 36 år hadde han leiarverv i BIL. Skigruppa kjøpte i 1986 inn snøskuter til å opparbeide løyper. Då gruppa hadde lite med midlar "lånte" fire personar ut private pengar rentefritt til kjøp av skuteren. Så kom nokre vintrar med gode snøforhold, som gav god rekruttering til skigruppa. I 1986 blei det fyrste skirenn med den nye skøystilen arrangert i Bjerkreim. Det var ein del av sonemeisterskapen

som laget arrangerte i Lysløypa på Nedrebø. Pål Levang blei kretsmeister for fyrste gong berre 10 år gamal. Pål var ein allsidig idrettsutøvar og blei seinare kretsmeister både i friidrett og på ski. I 1988 blei han Sør-norsk meister på ski. Pål er ein av dei i laget som har satsa hardt på ski. Sitt beste resultat oppnådde han då han som 15 åring kom på 9. plass i hovudlandsrennet på Byåsen i



*"Me ska bli kjempegode". Ivrige jenter og gutar saman med trenarstaben til rekruttane i skigruppa.*

Trondheim i 1991. I klassen hans deltok 133 løparar.

Bjerkreimsungdom skal få endå fleire gode resultat i åra framover. "Det var meir snø før". Det er ikkje alltid sant. Vinteren 1988/89 var den verste i "nyare tid" skreiv John Levang i årsmeldinga 1989. Mildver og snølaust heile vinteren i lågare strøk. Dei som satsa på ski måtte langt av garde for å få snø under plankane. Likevel blei det KM titlar på Pål Levang og Terje Espedal. Sistnemnte var med i Sirdal ski for å få gode treningsforhold. Seinare var det fleire unge skitalent frå Bjerkreim som gikk skigymnaset i Sirdalen. Trass lite snøtrening fekk laget same året kretsmeistarar i stafett i 12-13 års klassen. (Per Inge Espedal, Einar Kjølberg, Pål Levang).

På starten av 2000 talet var det fleire unge skitalent som hevda seg både i kretssamanheng og på nasjonalt plan. Trekløveret, Tone Sundvor, Silvia Eikeland og Bjørn Sundvor dominerte sine aldersklassar i kretsen, både som ungdomar og seniorar. Dei tok eit drøss med kretsmeisterskap kvar, og var i landstoppen i sine aldersbestemte klassar. Tone

hevda seg i Norgescupen særleg i klassisk sprint. I 2009 var ho heimeverande reserve til junior VM i Frankrike. Ho var beste norske kvinnelege deltakar i Vasaloppet i 2008, med ein sterk 8. plass. Her deltek fleire tusen skiløparar. Same året deltok 20 personar frå Bjerkreim i Vasaloppet. (9,1 mil). I sesongen 2014/2015 gikk Tone for langløp klubben Team Synnfjell. Her vert det satsa på langløp over heile Europa. Denne sesongen gikk Tone heilt til topps i ungdomscupen i "Ski Classic", på verdsbasis. Ski Classic består av 9 skirenn rundt i Europa. Tone samla nok poeng på dei 9 renna til å vinne ungdomscupen. Hurra for Tone.

Per Sveta er og ein av dei unge Bjerkreimsbuane som har gått på skigymnaset i Sirdalen. Han satsa på dei lange løpa og i 2014 blei han nr. 3 i klassen 21-25 år i Sesilåmi. Han har hatt fleire gode plasseringar i lange løp. Per har og talent for langdistanseløp i friidrett.

I 2004 kom ein ny start og oppgangsepoke for dei yngste i skigruppa. Det blei starta eigne treningar for gutar og jenter. Igjen



*Tone Sundvor var beste norske kvinnelege deltakar i Vasaloppet i 2008, med ein sterk 8. plass.*





*Pål Levang satsa på ski som junior.*



*Silvia Eikeland og Tone Sundvor.*

*Langløp rundt om i vinterverda var og er populært for mange Bjerkreimsbuar.*

*Her frå Jizerska Padesatka (Tjekkia),*

*Bak f.v.: Oddmund Asbjørnsen, Magne Sundvor,*

*Framme f.v.: Erland Eggum, Per Agnar Eikeland, Harald Idland, Per Spødervold, Kjell Søyland, Egil Håmsø.*

var det initiativ av entusiastar, med Skjalg Espedal og Dag Lloyd Vaule i spissen. Dei samle unge frå heile bygda til fysisk aktivitet, med kvalifiserte trenarar i triveleg miljø. Skigruppa vaks fort, og har dei seinare åra stabilisert seg på rundt 100 medlemmar. Dei unge

tok lett teknikkar i både klassisk og skøyting. Rulleski og “rollerblades”, blei teke i bruk slik at utøvarane kunne trene tilnærma skigåing heile året. Det gav og resultat i konkurransar. Gledelig for skigruppa er det at enkelte av løparane som var med i den ”nye”



*2010 var ein gamaldags snøvinter. Då blei det arrangert kretsskirenn på jordet på Svela.*

oppstarten drog det så langt at dei valde å satsa utdanninga si via skigymnas. Livar Vaule var først ut til Hovden i 2012, så ”firarbanden” som dei vart kalla; Audhild Espedal (Hovden), Oda Nevland (Lillehammer), Svein Odland (Tonstad) og Jan Magnus Vaule (Hovden) i 2014. Alle desse sit og med eit bra knippe KM-titlar i Agder/Rogaland skikrets, både på rulleski og snø. Med dette har dei vore og er gode førebilete for dei yngre/håpefulle i skigruppa. Skigruppa har lagt vekt på breidde i tillegg til toppar. Dei har hatt fellesturar både på barmark og skiweekendar på Sageneset fast





*Jakob Odland representerer den nye unge generasjonen skilauparar i BIL. (Foto frå Dalane Tidende, Keth Odland)*

## **Bjerkreim Ski imponerte i Oslo Skifestival-**

**“Stavanger-traktene forbindes ikke først og fremst med langrenn. Men skigruppa i Bjerkreim IL setter virkelig regionen på skikartet. - Klubben fikk nylig helt ny rulleskiløype og er i stor vekst, blir Langrenn.com fortalt. Bjerkreim IL er en relativt liten klubb sørvest i landet, omtrent 45 minutter sør for Stavanger i Rogaland. Og løperne markerer seg både i topp og bredde,**

**noe vi fikk se under Oslo Skifestival i Holmenkollen sist helg.”**

## **TURNGRUPPA**

Turngruppa blei stifta i 1984 med aktivitetar for 4-6 åringar, 7-9 åringar og 10-12 åringar. Vigdis Skjæveland var initiativtakar. Ho leia gruppa i 10 år. Det tek alltid litt tid å etablere ei ny aktivitetsgruppe. I 1986 hadde laget 84 aktive medlemmer frå 4 til 15 år. I 1988 var medlemstalet

kvart år. Hovudmålet for styret har vore å auka skiferdigheitene og meistring hos flest muleg ungar i Bjerkreim.

Skigruppa kunne med stoltheit opna ny rulleskiløype til Bjerkreimsmarken i 2013. Då vart det første kretsrenn på rulleski arrangert på Vikeså. Rulleskiløypa hadde ei kostnadsramme på rundt 5 millionar kroner og kan i dag seia seg gjeldfri. (2015).

Dei ivrigaste i skigruppa på 2000-talet har reist litt rundt i Noreg, for å bryna krefter mot dei beste løparane elles i landet. Her kan Audhild Espedal visa til ein 3.pl. på skøyting distanse - på Ungdommens Holmenkollrenn, Oda Nevland nr. 10 og Jan Magnus Vaule nr.10 og Svein Odland nr.17 på same distanse, då med over 300 deltakarar i gutar 13 år.

I Oslo skifestival i Holmenkollen (2015), gikk to av dei unge Bjerkreimsbuane heilt til topps i sine klassar. Jakob Odland vant 14 års klassen med 160 deltakarar frå heile landet. Jonas Solberg (12) var fyrst av 182 deltakarar i sin klasse. I tillegg var det fleire gode plasseringar av framstormande skilauparar frå Bjerkreim.

Nettsida, [Langrenn.com](http://Langrenn.com), hadde eit eige oppslag om skigruppa frå Bjerkreim:



*Turngruppa var fast innslag på 17. mai både på Bjerkreim og Vikeså.*

over 100. Dette året deltok turngruppa for fyrste gong, med tre årsklasser på turnstemne i Egersund. Humøret var på topp trass regnet som auste ned heile dagen. Det er ikkje uvanleg med slikt ver på turnstemner. Året etter var det kretsstemne på Klepp. Veret-? Regn. I 1991 deltok turngruppa for fyrste gong i Ungdommens landturnstemne. Stemnet gikk av stabelen i Molde. Fem unge jenter i alderen 13 til 15 år deltok frå Bjerkreim. Medlemstalet i turngruppa var dett året 132.

Gruppa var og med i konkurransar. I 1997 kom dei på fyrste plass under turnstemne i Stavanger.

I februar 2004 var turngruppa arrangør for turntreff for 7 til 9 år. Over 200 unge frå 11 lag deltok i Bjerkreimshallen.

Turngruppa har vore svært aktiv opp gjennom åra. Dei har delteke på stemner og oppvisningar rundt om i fylket. I Bjerkreim har dei hatt faste oppvisningar på 17. mai. Førefuleoppvisning på samfunnshuset har og vore eit fast innslag. Igjen er aktivitetane avhengig av kontinuitet og eldskjeler. Unni Vikeså var med i styret og instruktør i 20 år frå 1984 til 2004.

## TRIMGRUPPA/STEP OG AEROBIC GRUPPA

I 1985 tok hovudstyret opp tanken om å starte eit trimutval i idrettslaget. Dette skulle overta etter idrettsmerkeutvalet som hadde fungert nokre år. Tanken var å sette i gang trimtilbod for kvinner og menn, og få fleire Bjerkreimsbuar opp av godstolen. Det blei i starten teke initiativ til søndagsturar for heile familien. Meieristyrar Jan D. Ringstrøm var fyrste året leiar i trimutvalet. Fyrst i årsmeldinga for 1990 finn vi ein rapport frå trimgruppa. Då seier leiaren, Tor Anton Versland:



*Stepp og aerobic gruppa, som seinare blei til "Kraftverket, satsa profesjonelt. Dei la stor vekt på kontinuitet og kompetanse på gruppa sine leiarar.*

*Trimgruppa har ikkje fungert tilfredsstillande dei siste åra. Han ramsar opp fleire årsaker. For lite engasjerande tilbod, ikkje nokon til å leia tilboda, folk er med på mange andre ting m.m. Med godt mot og nytt initiativ ville trimgruppa gi Bjerkreimsbuen eit godt miljø, kjekke øvingar som gir god helse. I 1990 blei det så sett i gang dame- og herretrim på Bjerkreim skule, herretrim på Vikeså skule, volleyball for damer på samfunnshuset. Oppslutninga om trimmen var liten. Den faste trimmen på skulane fall bort etter eit par år. Enkelte søndagsturar som eksempel, rundt Bersevatnet, til Hetlandskogen m.m. var trimutvalet sit tilbod. På årsmøtet i 1996 blei trimutvalet lagt ned.*

I 1999 blei det

teke initiativ til å opprette eit tilbod om stepp og aerobic. Eit nytt trimtilbod. Det fyrste året var dette eit samarbeid med turngruppa. Både i Turngruppa og friidrettsgruppa hadde det i fleire år vore eit samarbeid om mosjon og aerobic tilbod, spesielt for damer. I 2000 blei det teke initiativ til at dette skulle bli eit eige tilbod i ei eiga undergruppe. Styret gav tilskot til utstyr. Fleire "eldskjeler" med Kjersti Søyland Bye i spissen tok omfattande kurs i instruksjon og leiing. Gruppa



*Spinning er ein populær trimaktivitet. Her i frå loftet i Bjerkreimshallen.*



fekk innreia eit eige rom på “galleriet” i Bjerkreimshallen. Dei aktive damene klarte å skaffe midlar til innkjøp av utstyr. Etter kvart strøymde både menn og damer til dei flotte lokala i idrettshallen til spinning, Body pump, Turbo, Stepp og Aerobic. Kvart år blei det aktivt arbeid med å rekruttere og kurse instruktørar. Desse har vore med frå starten som instruktørar og er med ennå; Laila Tveit, Stine Utheim Sveta, Norodd Mellomstrand, Kjersti Søyland Bye. Unni Vikeså var med frå starten til 2005. Tom Versland var med fram til 2004. I 2013 blei Trimmen eit eige føretak og gikk ut av idrettslaget som gruppe. Etter at Dalane E- verk flytte ut av sin del i Bjerkreimshallen gikk dei kommunale legane, fysioterapeutane og den tidlegare trimgruppa i BIL, saman og kjøpte dette arealet, og etablerte eit helsesenter der “Kraftverket” blei det nye kommersielle treningstilbodet for Bjerkreimsbuen.

## **ORIENTERINGSGRUPPA**

Orienteringsgruppa i Bjerkreim IL



*Familien Synnøve og Arnulf Fuglestad har vore drivkrafta over lang tid i O-gruppa. Her er foreldra og gutane Odd, Aslak, Ingve .*

blei stifta i 1974 med Karl Brådli som den fyrste leiar. Per Espedal starta kurs i kart og kompass. Det var alt O-kart i Bjerkreim som andre O-lag hadde laga. Men det gikk ikkje lang tid før O-gruppa sjølv var i gong med å lage eigne O- kart. Det fyrste kartet var “Vikeså, deretter kom “Resafjell” og “Skjæveland”. Sidan kom “Lunnane” og “Berse”.

Familien Synnøve og Arnulf Fuglestad har vore drivkrafta over lang tid i O-gruppa. Foreldra og gutane (Aslak, Odd, Ingve ) hevda seg heilt i toppen både i kretsen og nasjonalt, i fleire år. Dei har fleire kretsmeisterskap og rankingmeisterskap i familien. Den beste prestasjonen stod yngstemann, Aslak, for då han blei nr. 6 i NM for 15-og16 åringar i Alta.

Familien Fuglestad har hatt ansvar for å lage mange av dei O-karta vi har i Bjerkreim. Dei har synfare store områder, teikna og fått laga kart som O-klubbar frå heile fylket har hatt stor glede av. Forutan å gi opplæring i orientering, har dei stått ansvarleg for kretsløp, kretsmeisterskap og Sørlandscup med fleire hundre

deltakarar. Dei har i mange år stått for faste klubblop, og turorientering.

Odd Fuglestad har teke gull i KM orientering senior og har delteke i NM senior fleire gonger. Den største innsatsen til gruppa er det store arbeidet dei har gjort med å opparbeide og fornye mange flotte gode O- kart i Bjerkreim. I alt 10 stk.

I 1994 slutta O-gruppa sin aktivitet, med eige styre i laget, men tidlegare medlemmer held fram med å lage nye kart på dugnad. Dei deltek på O-løp då i regi av Bjerkreim IL. I 2008 blei gruppa strøken frå idrettsregistreringa.

## **FRIIDRETTSGRUPPA**

Løp har for det meste vore satsingsområdet for friidrettsgruppa. For seniorane har deltaking i Holmenkollstafetten vore treningsmålet i mange år. I 1976 blei Odd Vegard Nedrebø valt som leiar av friidrettsgruppa. Som motivasjon sette han Holmenkollstafetten som mål for treninga. Alt i 1978 deltok laget for fyrste gong. Truleg er Bjerkreim idrettslag det idrettslaget som har delteke flest gonger samanhengande i Holmenkollstafetten, her i Rogaland. I alt har BIL stilt med lag 37 gonger. (2014). Harald Idland og Magne Egeland har delteke 35 gonger kvar. I 1990 stilte BIL med veteranlag for fyrste gong.

Løparane i klubben har lagt ned mange dugnadstimar for å skaffe pengar til laget si drift. Det gjeld turar til Holmenkollstafetten og turane til stemner rundt om i landet, for dei unge i gruppa. I tillegg har alle deltakarane bidrege med eigenbetaling.

I 1989 starta friidrettsgruppa opp med trening for damer. Det var



Frå Aftenbladløp på Skjæveland i 1984. Me ser Steinar Osland, Armulf Fuglestad, Odd Fuglestad, Per Spødervold.

Øygunn Molaug som var initiativtaker til dette, og i 1991 deltok damelaget for fyrste gong på Holmenkollstafetten. Frå 1991 til 1996 blei det stilt damelag kvart år. Damelaget fekk inn fleire hjelpetreningar, blant anna Gunn Iren Hegdal som har hatt hovudansvar for treninga sidan 1992. Etter nokre år utan deltaking blei det ny Oslo tur for damelaget i 2002. I alt har damelaget delteke 18 gonger i Holmenkollstafetten. I 2013 og 2014 stilte friidrettsgruppa med to damelag. Reidun Odland har delteke alle gongene. (2014).

Resultat og plassering har variert frå år til år. Men det har vore og er framleis ein motivasjon til trening gjennom vinterhalvåret, både for damer og herrar. Jærbuen Sven Serigstad kom i 1981 til klubben som trenar for seniorane i friidrettsgruppa. I 12 år hadde han hovudansvaret for Holmenkoll laget. Han var sjølv ein ivrig og god maratonløpar. Som medlem av klubben vant

han i 1983 og 1985 NM i maraton for klassen over 35 år. Han sette klubbrekord for BIL under London maraton i 1985 med tida: 2.27.45.

Maraton blei etter kvart ei populær konkurranseform for "gamparane" i friidretten. Sven arrangerte turar der bjerkreimsbuen ville til dei største maratonstemnene rundt

om i verda. New York, London, Honolulu, Berlin, Svalbard, Praha, Moskva, Rio de Janeiro, Reykjavik, Kina m.m. har vore mål for maratonløparane våre. Dei fyrste damene som deltok på maraton frå klubben var Reidun Marie Odland og Marta Idland. Dei debutert i Honolulu maraton i 1995. I 2001 tok Keth Odland bronsemedalje under NM i maraton i Tromsø.

Langløp interessa i gruppa førte til at det 11. januar 1997 blei stifta ein "maratonklubb" med namnet "Bjerkreim Maratonklubb World Wide".

For å bli medlem i "klubben" må du ha sprunge ein maraton. Klubben står heilt og fullt på eigne bein, utanfor friidrettsgruppa/ idrettslaget.

Klubben har i alle desse åra protokollført alle dei 440 maraton og 559 halvmaraton som medlemmer av Bjerkreim Idrettslag har gjennomført. (2014).

Under eit internasjonalt friidrettsstemne 11. august 1985



Holmenkollaget 1983.

Bak f. V.: Per Homse, Audun Laksesvela, Arne Geir Abeland, Arnt Georg Egeland, Ingve Fuglestad, Odd Fuglestad, Bent Magne Egeland, Karl T. Bråдли, Steinar Osland, Paul Ramsland.

Framme f.v. Erik Homse, Odd Eilert Ramsland, Arvid Nedrebø, Kåre Birke-land, Per Spødervold, Arnt Trygve Slettebø, Harald Idland, Odd Vegard Nedrebø.





*11991 deltok damelaget for fyrste gong på Holmenkollstafetten. Bak f.v.: Kjersti Søyland Bye, Vibeke Vikeså, Ingrid Veen, Øygunn Mo-laug, Hege Slettebø, Turid Nedrebø, Marianne Bue, Inghild Hegelstad. Framme f.v.: Karianne Fagereng, Inger Veen, Elin Ramsland, Reidun Marie Odland, Anita Vassbø, Ragnhild Sundvor, Silje Ramsland.*

blei det nye idrettsanlegget på Vikeså opna av ordførar Olaf Gjedrem. Året etter tok friidrettsgruppa og Gjesdal IL på seg eit nytt internasjonalt stemne

med fleire av dei beste norske friidrettsutøvarane og OL deltakarar frå England. Vêrgudane slo seg heilt vrange denne søndagen, med kuling og



#### *Holmenkollaget 1992*

*Bak f.v.: Per Inge Espedal, Bjørn Steinar Nedrebø, Jonny Tengesdal, Knut Idland, Håvar Levang, Ingvar Husveg, Aslak Fuglestad, Ole Martin Hegrestad, Framme f.v.: Ole Bjørn Hille, Bent Magne Egeland, Kjell Audun Ivesdal, Nils Mauritz Brundtland, Klaus Oskar Brundtland, Lars Arne Bue, Arnt Georg Egeland.*

regn, men stemnet blei gjennomført sjølv om sekretariatet bles av lastebilen til Fuglestad, og alle papir blei gjennomvåte. Kommunen stilte opp med smørbrød og kaker til deltakarar og arrangørar. Odd Vegard Nedrebø var drivkrafta bak desse stemnene.

I dei aldersbestemte klassane blei det frå 1985 til 1995 satsa på å delta i dei mange stafettane rundt om i fylket. Her kunne alle få vere med. Friidrettsgruppa kunne dra til Ålgård, Sandnes, Tau, Stavanger eller Bryne med ein heil buss full av ivrige unge. Heimatt hang det medaljar rundt halsane på dei fleste deltakarane. Bjerkreim stilte med fleire lag enn dei store byidrettslaga. Rundt 1990 talet var Bjerkreim rekna som

ein av dei beste stafettklubbane i fylket, i dei aldersbestemte klassane. Dei vann og sette løyperekordar både på Ålgård, Sandnes og Bryne. Opptil 50 unge stilte på treningane to gonger i veka heile vinteren og våren. Til å byrje med deltok dei i vår eigen krets, men seinare i nasjonale stevner. I 1987 var Bjørn Steinar Nedrebø utteken til å representere Rogaland i kretskamp mot Oslo. Han blei her nr. 2 på 800m. Laget har hatt fleire unge talent i friidrett. I 1986 sprang Elin Ramsland seg fram til finalen på 60m i Donald Duck leikane på Kongsberg. I finalen blei ho nr. 2. Dette er det uoffisielle noregsmeisterskapen for 13 og 14 åringar. Elin er kanskje det største friidrettstalentedet klubben har hatt. Det er friidrettskretsane som tek ut og sender dei beste deltakarane i fylket til Donald leikane. I 1990 blei Ole Bjørn Hille og Håvard Levang uttekne til å delta i leikane. Begge deltok





*Holmenkollaget 2010.*

*Bak f.v.: Morten Solberg, Marius Hegelstad, Bent Magne Egeland, Harald Idland, Kjell Audun Ivesdal, Ole Magne Birkeland, Raymond Harouny.*

*Framme f.v. Bengt Jarle Sundvor, Jostein Merkesdal, Arnt G. Egeland, Reidar Helland, Per Agnar Eikeland, Ove Vinningland, Per Svela, Per Spødervold*

på 800m. På grunn av feil påmelding fra kretsen måtte Ole Bjørn starte i fyrste og svakaste heat, sjølv om han på førehand hadde ei av dei beste tidene i landet i sin årsklasse. Frå fyrste heat slo han til med eit sololøp som til og med fekk stemmespeaker til å stusse og riste på stoppeklokka. Tida 2,06,67 min. klarte ingen av konkurrentane i dei neste heata straffe. Dermed var Bjerkreim sin fyrste NM tittel i aldersbestemte klasse i friidrett eit faktum. Håvard sprang inn til ein flott 8. plass i 13 års klassen. Same året blei Ole Bjørn invitert til Bislett Games saman med dei beste 14 åringane i landet, til oppvisningsløp. Her måtte han springe ein uvant distanse, 1500m. For fullsett Bislett slo han alle

40 Stavanger Aftenblad

# Ordfører og prest løper for Bjerkreim

Kultursjefen tar seg av åpningsetappen, ordføreren løper ankeretappen, mens presten binder Bjerkreims veteranlag sammen ved å løpe en av midtøstappen i Holmenkollstafetten. Bjørn Hille, Olaf Gjedrem og Oddmund Brundtland lar gravølvet hvile og blir med på Bjerkreim ILs etter hvert så tradisjonelle vartutflukt til Oslo. Men de drar ikke alene. I overkant av 70 bjerkreimbuer setter kursen mot Oslo med Holmenkollstafetten og Grete Waitz løpet som det endelige målet.

Frøidrett i nasjonal topp-klasse

# Tre ess fra Bjerkreim

Terje Froiland

Tor Eivind Fagereng (14 år), Håvard Levang (15 år) og Ole Bjørn Hille (16 år) har i hver sin klasse løpt seg til en plass blant de beste i landet.

— Dette er en utrolig fin gjeng å arbeide med. Dette året har vi reist rundt i landet sammen til en rekke konkurranser. Selv om de alle tre har løpt på sterke tider, er alt treningsarbeidet denne sesongen rettet inn mot helgas norgesmesterskap for ungdom i

“De tre ess” fra Bjerkreim, Håvard Levang, Tor Eivind Fagereng og Ole Bjørn Hille har løpt på tider som plasserer dem helt i Norges-toppen i sine respektive års-klasser.



*Håvard Levang (i raud og blå drakt) i teten under NM ungdom i Haugesund. På siste runden klarte ingen å følge Håvard og ny NM tittel til Bjerkreim IL var eit faktum.*



*Ole Bjørn Hille blir intervjuet av banespeaker under Bislett Games etter siger på 1500m i oppvisningsløp, med ny kretsrekord for Rogaland for 14 åringar.*



landets beste mellomdistanseløparar i 14 års klassen. Tida 4. 20.76 var ny kretsrekord for Rogaland og ei av dei beste tidene oppnådd i landet gjennom tidene. Denne rekorden har stått heilt fram til 2014.

At leiinga i friidrettsforbundet var merksame på Bjerkreim IL sine talentar syner deira invitasjon til Bislett games tre år på rad. I 1991 blei Håvar Levang invitert til å springe 800m. Håvard likar å springe lengre distansar, men gjorde ein flott innsats og sette fin pers med 2.09.34. Tredje året, i 1992, var det Tor Eivind Fagereng sin tur. Tor Eivind takka for tilliten og sprang inn til ein flott 5. plass på 800m. Det var ei stor oppleving for dei unge Bjerkreims gutane å få delta på stemne, saman med dei beste utøvarane i verda og ikkje minst med nesten 20.000 heiande publikummarar på tribunane.

Friidrettsgruppa reiste rundt i landet på fleire nasjonale stemner. Sjøførerar frå busselskapet tok av sin ferie og køyrde gratis på ungane både til sør og austlandet. Det mest populære stemnet var



*Østlandsleikane på Lillehammer var eit mål for dei unge friidrettsutøvarane i fleire år. Med full buss frå Bjerkreim drog dei for å konkurrere med 2000 ungdomar frå heile landet. Flotte premiar var med i bagasjen heim.*

Austlandsleikane på Lillehammer. Her deltok over 2000 unge frå heile landet og dei unge frå Bjerkreim var kvart år mellom dei aller beste. Flotte premiar blei med i bussen heim. Håvar Levang og Ole Bjørn Hille vann 800m og 1500m fleire år på rad. Begge sette stevnerkordar rundt på Sør- og austlandet. Klubbrekordane dei

sette står endå. Både på bane og i terrenget blei Håvar og Ole Bjørn kretsmeisterar fleire gonger. Begge var store poengsankarar under kretskamp i friidrett i 1990, då Rogaland slo landets beste krets, Bergen og Hordaland. Bjørn Hille var då leiar for deltakarane frå Rogaland. Håvar toppa sine prestasjonar i



*"Maraton er kjempegilt" seier Per Agnar Eikeland. Her i ein av dei største og mest prestisjetunge, New York maraton.*



*Keth Odland i farten under Sirdal Maraton*





*New York maraton, er målet for mange av "gamparane".*

*Bak: Arnt G. Egeland, Torvald Spødervold, Per Agnar Eikeland, Halvard Idland, Hans Petter Severeide, Mads Henrik Idland, Arne Eikeland, Alf Magne Idland,*

*Framme: Reidun Marie Odland, Marta Idland, Harald Idland, Turid Brattebø, Per Spødervold*



*I 2012 starta Kristine Osland opp igjen med friidrett for barn/ungdom i alder 6-13 år.*



*Løpskarusellen har i mange år vore populær blant dei aller yngste. Har får alle premie når dei har delteke på 4 av 5 løp.*



*Bilete er frå eit av to internasjonale friidrettsstemma på Vikeså Stadion, 1985, 1986.*

NM for ungdomar i Haugesund i 1992. Som 15 åring gikk han heilt til topps på 2000m. Etter å ha lege fyrst og drege feltet i stor fart heile finalen sette han inn ein 300m lang spurt der ingen klarte å henge på. Håvard var eit allsidig idrettstalent. Han var mellom dei beste i sin klasse i kretsen på ski, der han og blei kretsmeister.

Det var mange unge som hevda seg i nasjonal samanheng. Eit eksempel. Under Sør-norsk hallmeisterskap i Kristiansand, februar 1990, tok BIL 6 medaljar. Desse blei meistrar på 800m i sine klassar: Bjørn Steinar Nedrebø 17/18 års klassen, Tommy Morten Ivesdal, 15 års klassen, Ole Bjørn Hille 14 års klassen. Lars Arne Bue, 17 år og Håvard Levang, 13 år blei nr. to i sine årsklassar på 800m. Einar Kjølberg, 14 år, blei nr. 3 på 800m. Den 17. september 1989 sette BIL kretsrekord på 3 x 800m for 13 og 14 år på Sandnes stadion. Rekorden på 6.57.4 er det ikkje noko idrettslag som har slått. Den står fyrst på kretsstatistikken endå, i 2015. På laget var: Pål Levang, (14 år) Tommy-Morten Ivesdal (14 år) og Ole Bjørn Hille (13år), Gro Anni Gjedrem blei kretsmeister for kvinner på





400m i 1969. Ho blei den første kvinnelige kretsmeisteren i laget i friidrett. Gro Anni var den fyrste jenta i laget som trente systematisk over fleire år. Ho har framleis fleire klubbrekordar i friidrett i BIL.

Brødrene Viktor og Søren Nedrebø og Kristine Osland har delteke i NM for veteraner over fleire år. Dei har teke medaljar av alle valør på både 100m, 400m, 800m, hekk, diskos, lengde og høgde. I 1992 deltok Søren i EM for veteranar og tok ein flott 4. plass i lengde.

Ei av dei store drivkreftene i friidrettsgruppa i mange år har vore Odd Vegard Nedrebø. Han var med i styret og var trenar og pådrivar for lysløype, stadion, idrettshalen og andre idrettsprosjekt. Odd Vegard arrangerte gamaldans i fleire år, der Martha og Harald Idland stod for tilrettelegging av dugnadshjelp, ordna lokale, skaffa mat, rydding og oppvask. Alle inntektene gikk til Friidrettsgruppa. Det gav gode faste inntekter til drift av gruppa. Da Odd Vegard trappa noko ned, overtok Harald Idland deler av oppgåvene han hadde, med tilrettelegging av arrangement som gruppa skulle delta i ute, eller arrangere her heime.

Bersevatnet rundt har vore eit fast årleg arrangement i regi av friidrettsgruppa. Løpskarusellen aktiviserer særleg dei yngste. "Karusellen" starta i 1979 ved



*Bersevatnet rundt er eit av dei siste verkelege terringløpa i Rogaland.*



*Ørsdalen Maraton.*



*Arnt G. Egeland kjempar mot uvanlege konkurrentar i Ørsdalen Maraton.*





*Mange alternative treningsmetoder.*

*Leif O. Sveta rulleski, Harald Idland rulleski, Arnt G. Egeland på sykkel, Per Agnar Eikeland jogg.*



*Per Sveta har talent både på ski og friidrett.*

Bjerkreim skule. Seinare blei den flytta til Vikeså stadion. Karusellen blir arrangert 5 gonger i løpet av våren og hausten. Dei som deltek fire gonger får tildelt premie på karusellfesten som vert arrangert om hausten. Ørsdalen Halvmaraton starta i 2002 etter initiativ frå Keth

Odland og maratonklubben, og den blei arrangert søndag rundt jonsok kvart år til og med 2009. Løypa starta dei første åra på Vassbøbyggja og gjekk opp dalen mest til Bjordal og tilbake. Frå 2006 var starten ved den nedlagde skulen. Løpet skulle stimulera til få opp interessa for langløp. Det var levande musikk og matsal i målområde for både deltakarar og tilskodarar. Dei 3 siste åra stod og 10 km, trimløype og løpskarusell for barna, på programmet. Løpet blei lagd ned då påmeldinga ikkje blei så stor som arrangøren vona. Etter at friidrett for dei yngste hadde lege ned nokre år starta, i 2012, Kristine Osland opp igjen med friidrett for barn/ungdom i alder 6-13 år. I dag er godt 50 barn tilknyttta friidretten, og ei stor foreldregruppe hjelper til som trenarar. Treninga foregår ute kvar mandag, frå påske til haustferie. Dei som vil kan reise på stemne i heile Sør-Rogaland. Sesongen blir avslutta med 6-kamp på banen, der alle deltakarane får premie. Hausten 2014 starta friidrettsgruppa opp med "Laurdagslabben". Dette er ein fast aktivitet kvar laurdag. Turen går frå Grindahuset ved Bjerkreimshallen i ei merka løype på rundt 5 km. Her er det inga

tidtaking og alle som ynskjer det kan vera med å gå, jogge eller springe.

## **VOLLEYBALLGRUPPA**

Volleyballgrupa blei oppretta hausten 1972. Gymnastikklærer på Vikeså skule, Herleik Lindteigen, var fyrste leiar av gruppa. Same hausten starta felles trening for menn senior og junior, i gymsalen på Vikeså skule. I 1973 var laget innmeldt i Volleyballkretsen og Volleyballforbundet og deltok med eit juniorlag og eit seniorlag menn i 4. divisjon, i kretsserien. Lindteigen, med volleyball som fag, var drivkrafta. Det blei utdanna instruktørar og dommarar i laget. Dei to fyrste instruktørane var Edgar Birkeland og Tor Klungland. Birkeland og Arne Geir Abeland tok dommarutdanning og fekk høve til å dømme kampar i 1. div. damer og 2. div menn. Både senior og juniorlaget hevda seg i toppen av sine divisjonar. Seniorlaget var nær ved å rykke opp i landets 2. divisjon. Juniorlaget vann sensasjonelt norgescupen i sesongen 1974/75. Dei slo lag etter lag, og kom til finalen mot Sandnes i Giskehallen. Sandnes var då rekna som eit av dei aller beste volleyballklubbane i landet. Det utrulege skjedde. Bjerkreim slo storfavorittane i ein intens spanande kamp. På slutten av kampen snudde publikum, og heia på "underdoggen". Dei ni unge Bjerkreimsgutane forstod nesten ikkje kva som hadde skjedd. Dei stod og såg på kvarandre etter den siste smashen. Roleg kom det frå ein av dei: "Me vant visst-". I 1975 fekk vi og jentelag. Dei gjorde det straks godt og blei seriemeistrar etter berre to års trening. På slutten av 70 talet byrja det å gå ned over med volleyballgruppa. Det meste skuldast at di unge måtte ut for å ta utdanning. Mange





### *Volleyballlag jenter 1991/92*

*Bak f.v.: Liv Karin Strand, Anne Terese Eikeland, Mariann Vaule, Siv Reidun Odland, Anita Auestad, Åshild Slettebø, Wenche Bue.*

*Framme f.v.: Inger Merethe Bjerkreim, Aud Slettebø, Janne Skjæveland, Marianne Bue, Merethe Hestnes, Tone Vaule,*

*Liggjande: Anne Kristine Birkeland*

fekk jobb utanfor kommunen. Nokre flytta og andre måtte i militæret. Den fyrste "motoren", Lindteigen, reiste frå bygda. Gruppa blei oppløyst i 1982.

Etter 9 år i dvale, blei det, hausten 1991, nytt liv i volleyballgruppa. Åshild Slettebø tok initiativ og stilte som leiar. Ut over hausten var det trening kvar fredag på Samfunnshuset med 15 jenter. Jentene sikra seg topp kvalifisert trenar. Olav Vølstad, med 80 landskamper i volleyball, fekk verkeleg fart i jentene. Laget melte seg på i 6. divisjon avdeling A. Alt 15. oktober same året gikk fyrste kamp av stabelen. Laget vann debutkampen 3-0. Ikkje nok med det, jentene vann si pulje fyrste sesongen og spelte om

seriemeisterskapen mot vinnarane i dei andre puljene. Det ende med ein flott 2. plass og opprykk til 5. divisjon. Laget ende på 3. plass i 5. divisjon og rykte rett opp i 4. divisjon. Same året blei det pokal og seier i gruppe 3 under Vestcup. Det synte at Bjerkreims jentene hadde ferdigheiter og tæl i dette ballspelet og. Våren 1992 blei det så starta opp med trening for herrelag. Dei kom med i 5. divisjon. Fyrste sesong, var eit prøve år, og laget ende litt ned på tabellen. Volleyballgruppa kom opp i same situasjonen som fleire andre grupper på seniornivå. Etter kvart blei det vanskeleg å samle nok spelarar til å halde laga med i divisjonsspel. Dei unge dreg vekk på skular og på arbeid utanfor

kommunen. Dei klarer ikkje å prioritere tid til konkurranse idrett. På årsmøtet i 1997 blei så volleyballgruppa lagt ned.

### **HANDBALLGRUPPA**

31. oktober 1996 blei handballgruppa i BIL stifta på eit møte på Samfunnshuset. Marit Strøm var den fyrste leiaren. Bjørg Reidun Versland sekretær og Lene Idsø som kasserar. Gruppa satsa på spelarar frå 15 år og oppover. Dei fekk treningstider i idrettshallen onsdagar og fredagar. På fyrste kom treninga det 16 jenter. Iver og stor entusiasme var på plass frå fyrste stund, men laget var heilt avhengig av kvalifisert trenarar. Noko som viste seg å vere vanskeleg å få. Leiting lokalt,





*Ein glad gjeng med unge handballspelarar .(2014)*

*Kampbilete frå den fyrste handballgruppa til Bjerkreim .*



føresurnad til handballkretsen og annonsering i bladet, gav ikkje napp. Det blei difor ikkje meldt på lag i serien. Laget spelte likevel treningskampar mot Hellvik og Ognå. Ei kort tid fekk dei hjelp av Randi Klefstad medan ho arbeide på meieriet, men i januar 1998 flytte ho og gruppa stod igjen på bar bakke. På årsmøtet 1998 blei aktiviteten i handballgruppa lagt ned.

I 2011 kom det nytt liv i handballgruppa. Monica Bergeland tok initiativ til å samle barn og unge som kunne tenke seg trene handball. I 2013 var det 52 unge med i gruppa. No blir det satsa på å skolere leiarar, trenarar og dommarar.

Minihandballturneringar blir arrangert. Samlingar med sosialt samvær er alltid viktig for å få medlemmene til å trivast.



*World lopp medaljører. Desse har gjennomført 10 internasjonale langløp på ski. (1998 - 2006).  
Bak f. v.: Erik Torgersen, Egil Håmsø, Sveinulf Ueland, Kjell Søyland, Harald Idland  
Framme f.v.: Magne Sundvor, Alf Kåre Gåsland, Oddmund Asbjørnsen, Per Spødervold*



*Frå handballturnering på Nærbo 2015.  
I bakgrunnen lagleiar Serine Henriksen  
På banen Karina Tjetland Bjordal, Anne Vølstad,  
Amalie Slettebø.*



# Tillitsvalde i BIL frå 1985 - 2015

## Hovedstyret

### **Formann:**

	<b>periode</b>
John Levang	1984-1985-1986- 1987
Sigurd Hetland	1988
Alf Einar Kjølberg	1989- 1990- 1991
Arnt Egeland	1992
Kjell Alf Hergot	1993- 1994
Skjalg Espedal	1995- 1996 – 1997- 1998- 1999
Aslaug Undheim	2000- 2001
Øyvind Søyland	2002
Svein Solberg	2003- 2004- 2005- 2006
Dagfinn Mong	2007- 2008- 2009- 2010- 2011
Kari Hilde Hellestø	2012-2013- 2014

## Fotballgruppa

Britt Tengedal	1984-1985
Øyvind Sjøtrø	1986
Egil Sveta	1987
Terje Frøiland	1988- 1989
Magnus Høyland	1990- 1991
Terje Slettebø	1992- 1993- 1994
Olav Hovland	1995- 1996
Frode Gjedrem	1997 – 1998
Inger Alice T. Espedal	1999 – 2000
Ingvar Husvegg	2001 -2002-2003
Jan Petersen	2004-2005
Øyvind Espeland	2006- 2007- 2008- 2009- 2010- 2011-2013-2014

## Skigruppa

Oddmund Asbjørnsen	1984- 1985- 1986- 1987
-	1988
John Levang	1989- 1990- 1991- 1992- 993-1994-1995- 1996
Magne Sundvor	1997 – 1998 – 1999 –
2000	2001 – 2002-2003-2004- 2005
Dag Lloyd Vaule	2006—2007-2008-2009- 2010-2011
Jan Tore Paulsen	2012- 2013-2014

## Friidrettsgruppa

Arne Geir Apeland	1984
Harald Idland	1985, 1991- 1992,2002- 2003-2004-2005
Rune Gjedrem	1986
Ommund Veen	1987- 1988
Odd Vegard Nedrebø	1989
Reidar Idsø	1991
Marta Idland	Fungerte i 1992
Bjørn Hille	1993
Arnt Egeland	1994 – 1995- 1996
Gunn Iren Hegdal	1997 – 1998 – 1999 – 2000

Kjell Audun Ivesdal	2001
Kristine Osland	2006- 2007-2008-2009
Turid Brattebø	2010-2011
Inger Marie Iversen Vassbø	2012-2013
Ingrid Skjæveland	2014

## Orienteringsgruppa

Synnøve Fuglestad	1984-1985-1986- 1987 – 1988- 1989
Oddbjørn Hegrestad	1990 – 1991-1992- 1993
Lagt ned 1994	

## Turngruppa

Vigdis Skjæveland	1984- 1985 – 1986- 1988 1989- 1990- 1991- 1992- 1993-1994
Svanhild Sundvor	1995 – 1996
Unni Vikeså	1997 – 1998- 1999 – 2000- 2001-2002
Liv Henny Haugstad	2003-2004-2005-2006- 2007-2008-2009-2010- 2011-2012-2013
Stine Utheim Sveta	2014

## Volleyballgruppa

Åshild Slettebø	1991- 1992 – 1993
Kjell Merkesdal	1994- 1995- 1996- 1997
Nedlagt	1998

## Handballgruppa

Marit Strøm	1996- 1997-1998
Nedlagt:	1998
Monica Bergeland	2011-2012 - 2013-2014

## Trimgruppa/ Step og aerobic

Jan D. Ringstrøm	1985
Søren Nedrebø	1986-
Gaute Skretting	1987- 1988
Tor Anton Versland	1989-1990
Geir Frøyland	1991 - 1992
Jorunn Fuglestad	1993
Opphøyrer	1997
<b>Ny start:</b>	
Kjersti Søyland Bye	2001-2002-2003-2004- 2005-2006, 2013
Jorunn Birkeland	2007-2008
Laila Tveit	2009- 2010-2011-2012


Trimgruppa opphøyrde og blei eige føretak frå: 31.12, 2013

Noen av våre stødige støttespillere gjennom en årrekke.



Vikeså Golv

SØRVEST



BETONGSAGING A.S.



BLINK HUS

Bjerkreim Trelast as



ESPELAND AS

Produsert og distribuert av:

 **Reklamehuset**  
Egersund AS

Bildekor - skilt - profilering ☎ 51 49 49 00

JÆRPRINT  
TRYKKERI & DESIGN

